

HØGSKOLEN I OSLO
OG AKERSHUS

Geir Haugarvoll

Å stole på andre

Ei kvantitativ studie av sosial tillit

Masteroppgave i sosialt arbeid

Høgskolen i Oslo og Akershus, Fakultet for samfunnsvitenskap

Samandrag:

Innleiing: Oppgåva undersøker korleis ulike demografiske variablar kan ha samanheng med sosial tillit, og analyserer desse tilhøva i lys av teoriar om sosial kapital.

Metode: Utvalet besto av 1435 respondentar i Norge. Data vart skaffa frå European Social Survey, sjuande runde. Ulike demografiske variablar vart brukt som uavhengige variablar for å måle innverknad på sosial tillit. Deskriptive metodar som frekvensfordeling og korrelasjonstest vart brukt for å beskrive kjenneteikn ved utvalet. Lineær regresjonsanalyse vart brukt for å vurdere samanhengen mellom sosial tillit og dei uavhengige variablane.

Resultat: Utdanningsnivå og alder hadde sterkast samanheng med sosial tillit. Di eldre ein er, og di høgare utdanning ein har, dess høgare tillit. Kjønn og inntektskjelde hadde ikkje samanheng med sosial tillit. Dei øvrige variablane var signifikante, men samanhengen var relativt svak.

Drøfting: Modellane forklarte mindre av variasjonen enn forventa. Det kan tyde på det er andre variablar som ikkje er inkludert i denne studia som er viktigare for å predikere innverknad på sosial tillit. Oppgåva tek også føre seg metodologiske begrensingar og implikasjonar for sosialt arbeid, og drøfter tillitsomgrepet opp mot sosialt arbeid.

Høgskolen i Oslo og Akershus, Fakultet for samfunnsvitenskap

Oslo 2017

INNHALD

1.	INNLEIING	1
1.1	Mål for studia.....	1
1.2	Bakgrunn.....	1
2.	TEORI.....	4
2.1	Sosial kapital	4
2.1.1	Teoretiske perspektiv innan sosial kapital	4
2.1.2	Tillit.....	7
2.1.3	Nettverk.....	11
2.1.4	Sosial kapital – ei oppsummering	12
2.2	Sosial kapital og tillit i Norge og Norden.....	13
2.2.1	Tidlegare forskning	13
2.3	Sosialt arbeid og sosial kapital	15
2.3.1	Sosial kapital – gamal vin på nye flasker?	16
2.3.2	Sosial kapital og marginalitet	17
2.3.3	Sosial kapital i velferdstenestene	18
2.4	Problemstilling, operasjonalisering og hypoteser.....	19
3.	METODE	22
3.1	Forskningsdesign	22
3.1.1	Lineær regresjon.....	23
3.2	Datamaterialet	24
3.2.1	European Social Survey	24
3.2.2	Kvaliteten på ESS sine data	25
3.2.3	Vekting av data.....	25
3.2.4	Datainnsamling.....	25
3.3	Kausalitet og korrelasjon.....	25
3.4	Kjenneteikn ved variablane.....	26
3.4.1	Tillit til andre.....	26
3.4.2	Kjønn.....	26
3.4.3	Alder.....	27

3.4.4	Utdanningsnivå.....	27
3.4.5	Inntektskjelde	28
3.4.6	Kjensle av tilstrekkelig inntekt.....	28
3.4.7	Haldningar til likheit	28
3.4.8	Sosialt nettverk.....	29
3.4.9	Hyppigheit av sosial kontakt.....	29
3.4.10	Deltaking i sosiale aktivitetar	30
3.5	Etikk i forskning	30
4.	RESULTAT	31
4.1	Deskriptive funn	31
4.1.1	Tillit til andre.....	31
4.1.2	Kjønn.....	31
4.1.3	Alder.....	32
4.1.4	Utdanningsnivå.....	32
4.1.5	Inntektskjelde	32
4.1.6	Kjensle av tilstrekkelig inntekt.....	32
4.1.7	Haldningar til likheit	33
4.1.8	Nettverk.....	33
4.1.9	Sosial kontakt	33
4.1.10	Sosial aktivitet.....	33
4.2	Lineær regresjon.....	37
5.	DRØFTING	40
5.1	Drøfting av resultata	40
5.1.1	Kan kjønn og alder forklare variasjon i sosial tillit?	40
5.1.2	Kan sosioøkonomiske skilnader forklare variasjon i sosial tillit?.....	41
5.1.3	Kan verdiorientering forklare variasjon i sosial tillit?	44
5.1.4	Kan nettverksressursar forklare variasjon i sosial tillit?	46
5.1.5	Kan deltaking i sosiale aktivitetar forklare variasjon i sosial tillit?	49
5.2	Metodologisk drøfting	50
5.2.1	Reliabilitet og validitet	50
5.2.2	Generaliserbarheit	52
5.2.3	Tverrsnittstudie.....	52
5.2.4	Residualar.....	52

5.2.5	Multikollinearitet.....	55
5.2.6	Innflytelsesrike einingar – ”uteliggjarar”	55
5.3	Implikasjonar for sosialt arbeid	56
5.3.1	Eit døme frå eigen praksis	58
6.	KONKLUSJON.....	61
	LITTERATUR	62

1. INNLEIING

1.1 *Mål for studia*

Denne oppgåva er skriven innan sosialt arbeid, og nyttar eit sosiologisk perspektiv for å undersøke sosial tillit i Norge. Oppgåva er eksplorativ, og vil forsøke å få auge på faktorar som kan predikere sosial tillit i Norge.

1.2 *Bakgrunn*

«Vi får en ny norsk generasjon som, i verste fall, vokser opp med mistillit. Er tilliten så viktig at den må bevares for enhver pris? Ja. Tillit er et fantastisk universalmiddel: Økonomer sier den gir vekst, medisinerere sier den gir helse. Tillit smører alle samfunnsstransaksjoner.» (Lindgren 2017).

I løpet av dei siste ti til femten åra har det i aukande grad blitt forska på kva det er som gjer at innbyggjarane i dei nordiske landa er lukkelegare og har meir tillit enn i andre land. Norge vart nyleg kåra til verdas lukkelegaste land i World Happiness Report, og scorar høgast på faktorar som omsorg, fridom, sjenerøsitet, ærlegheit, helse, inntekt og godt styresett, som er viktige for lukke (Sætran og Olsen 2017).

Det å kunne stole på folk flest og ha meiningsfulle relasjonar til andre er også viktige kjenneteikn på at det står bra til i eit samfunn. Nasjonar med høgt tillitsnivå i befolkninga har større sannsynlegheit for å ha større økonomisk vekst, mindre kriminalitet og betre institusjonar (Putnam 1993, Rothstein og Stolle 2003, Rothstein og Uslaner 2006). Samfunn der majoriteten av befolkninga er tillitsfulle overfor andre ser imidlertid ut til å vere unntaket snarare enn regelen (Holmberg og Rothstein 2017). Sosiale skilnader kan auke risikoen for å falle utanfor samfunnet. Å ha eit nettverk innebærer å ha tilgang på støtte, relasjonar og ressursar. Dette er kjente omgrep i sosialt arbeid, og fleire studier har undersøkt samhengane mellom nettverk og marginalisering i lys av teoriar om sosial kapital (Larring og Stjernø 2010, Slagsvold og Van der Wel 2006).

Eitt av hovudpoenga i denne oppgåva er at nivået av tillit i befolkninga er av særskilt interesse for sosialt arbeid. Kva er så grunnen til at sosial tillit, altså tillit mellom folk flest, er viktig for sosialt arbeid? Tillit er ein grunnleggande faktor i sosialt arbeid, fordi tillit ligg til grunn for å bygge ein relasjon. Relasjonen mellom klient og hjelpar er ein grunnleggande føresetnad for sosialt arbeid. I Yrkesetisk grunnlagsdokument for barnevernspedagoger, sosionomer, vernepleiere og velferdsvitere går det fram at:

Helse- og sosialfaglig arbeid må baseres på tillit mellom yrkesutøveren og brukeren. Yrkesutøveren kan bidra til at tillit oppstår gjennom åpen kommunikasjon, forståelig informasjon, tydelige begrunnelser og ivaretagelse av konfidensialitet.¹

Tillitsdimensjonen i sosialt arbeid er ein føresetnad for å etablere ein relasjon mellom klient og hjelpar, sidan relasjonen er svært viktig i sosialt arbeid (Levin 2004). Ideen om at nettverk og tillit er ressursar som kan hjelpe folk i vanskelege livssituasjonar til å få eit betre liv er viktig for sosialt arbeid, samstundes som studier av sosial kapital kan fortelje noko om graden av sosial integrasjon. Sidan forebygging av marginalisering er ei viktig oppgåve innan sosialt arbeid, vil studier av sosial kapital vere eit viktig perspektiv i tilfanget av teori og empiri i sosialt arbeid. Oppgåva vil argumentere for at ei sosialpolitisk drøfting av sosial tillit har sterk relevans for faget sosialt arbeid.

Ein kan innvende at tillita som ligg til grunn for relasjonen mellom brukar og hjelpar, betre kan målast gjennom å spørje om folk har tillit til institusjonar, eller til hjelpeapparatet. Det er ikkje målsetninga for denne oppgåva. Sosial tillit ligg til grunn for all anna tillit, noko som eg vil vise gjennom heile denne oppgåva. Det er gjort studier som viser at den sosiale tillita er høgare i Norge og Norden enn i andre europeiske land, og enkelte studier viser at i Norge er så mykje som tre fjerdedeler av befolkninga tillitsfulle overfor andre (Wollebæk 2011, Holmberg og Rothstein 2017). Årsakene til dette er mange, men vanlegvis blir det hevda at betre levekår i form av høgare utdanningsnivå og ein godt utbygd velferdsstat gjer at folk stoler meir på kvarandre her enn andre stader i verda.

Oppgåva starter med ein gjennomgang av teoriar om sosial kapital, presentasjon av problemstilling og hypoteser om kva for tilhøve som påverker sosial tillit. I metodekapittelet vil eg gjere reie for forskingsdesignet og dei statistiske testane som blir utført. Desse er frekvensanalyse, korrelasjonsanalyse og multippel lineær regresjon. Eg vil også gjennomgå

¹ Fellesorganisasjonen, «Yrkesetisk grunnlagsdokument for barnevernspedagoger, sosionomer, vernepleiere og velferdsvitere»

kjenneteikn ved utvalet. Her vil eg også gjere reie for korleis variablane blir omkoda og transformert. I kapittel fire blir resultata presenterte, og i kapittel fem vil resultata bli drøfta og tolka i lys av problemstilling og hypoteser med bakgrunn i teorien og empirien som blir presentert.

2. TEORI

I dette kapitlet vil ulike teoriar om sosial kapital, tillit og nettverk bli presentert. Det vil bli presentert resultater frå empiriske studier som omhandlar tillit og sosial kapital. Hovudvekta er lagt på empiriske studier frå Norge og Norden. Samanhengen mellom sosial kapital og sosialt arbeid vil også bli belyst.

På bakgrunn av teori og empiri som blir gjennomgått, vil det til slutt i dette kapitlet bli presentert problemstilling for oppgåva og hypoteser om samanhengar mellom variablane som vil bli benytta.

2.1 *Sosial kapital*

2.1.1 Teoretiske perspektiv innan sosial kapital

Pierre Bourdieu (1986) nyttar fire ulike former for kapital. Økonomisk kapital dreier seg om økonomiske ressursar, medan kulturell kapital vert erverva gjennom oppveksten og utdanning. Kulturell kapital kan vere kunnskap, verdiar, utdanning og innsikt i ”den gode smaken”, medan symbolsk kapital er eigenskapar ved den som innehar kapitalen, som gjer at andre anerkjenner denne kapitalen og på denne måten bidrar til å anerkjenne verdien av den symbolske kapitalen. Dei ulike kapitalformene er kjenneteikna av at dei er konvertible, altså at dei kan bytast inn i andre former for kapital. Sosial kapital dreier seg om relasjonar og nettverk, og Bourdieu definerer sosial kapital som summen av reelle eller potensielle ressursar som er knytta til deltaking i eit varig nettverk av meir eller mindre institusjonaliserte relasjonar av gjensidig kjennskap og anerkjenning – med andre ord, til medlemskap i ei gruppe.

Tilknyttinga til gruppa medfører at gruppemedlemene potensielt sett har tilgang til desse ressursane. Volumet av den sosiale kapitalen som er tilgjengeleg for den enkelte, avhenger av størrelsen på nettverket han er tilknytt og på volumet av dei andre kapitalformene økonomisk kapital og kulturell kapital som kvar enkelt i nettverket sit med (Bourdieu 1986).

Bourdieu si forståing av sosial kapital har blitt kalla instrumentell, der sosial kapital er eit verkty for å oppnå noko. Sosial kapital er sentrert hos individet, fokuserer på band mellom

menneske og sosiale nettverk, og er derfor strukturell. Ved å definere sosial kapital som tilgang til ressursar gjennom medlemskap i nettverk som vedlikeheld og forsterker relasjonar ved symbolske bytter, viser Bourdieu korleis reproduksjon av sosiale skilnader foregår. Sosial kapital utfordrar også skiljet mellom det sosiale og det økonomiske, og mellom «mikro» og «makro» (Wollebæk & Seggaard 2011b).

James S. Coleman (1990) beskriver sosial kapital som eigenskapar ved grupper, institusjonar og samfunn heller enn individuelle eigenskapar. Sosial kapital er ein ressurs som kan bidra til å løyse kollektive problem. Rasjonell valteori er opptatt av makrofenomen, men søker å forklare desse på eit mikronivå. Coleman forklarar sosiale fenomen på eit mikronivå, det vil seie hjå den individuelle aktøren. Sentralt i teorien står tanken om at handlingar er alltid intensjonelle og målstyrte, og målet for handlingane og handlingane sjølve er forma av verdiar og preferansar (Coleman 1990).

Coleman var blant anna opptatt av tilhøvet mellom makrofenomen og individuell åtferd. Eit fenomen på makronivå vert av Coleman beskrive som eit kausalt tilhøve der individuelle handlingar av fleire aktørar fører til at makrofenomenet oppstår. Coleman vil argumentere for at makrososiologiske fenomen har sitt utspring i individuelle handlingar, og desse handlingane kan i sin tur føre til endringar på systemnivå (Coleman 1990).

Aktørar og ressursar er to sentrale omgrep hjå Coleman, og ressursar vert forklart som det som aktørane har kontroll over og har interesse for. Ressursar er blant anna human og sosial kapital. Human kapital dreier seg om kunnskapar og evner som eit individ har tileigna seg, medan sosial kapital dreier seg om sosiale relasjonar. Handlingar som aktørane utfører, kan forklarast ut frå eit motiv om eigennytte – aktørane vil realisere interessene sine. Coleman definerer likevel sosial kapital som eit kollektivt fenomen:

Social capital is defined by its function. It is not a single entity, but a variety of different entities having two characteristics in common: They all consist of some aspect of a social structure, and they facilitate certain actions of individuals who are within the structure (Coleman 1990: 302).

Hos Coleman består sosial kapital av gjensidige forpliktelsar og forventingar, informasjonsutveksling i sosiale nettverk og normer og sanksjonar (Wollebæk og Seggaard 2011b, Bø og Schiefloe 2007).

Robert D. Putnam (1993) har vist korleis sosial kapital har innverknad på politiske reformar. I ei studie viser han korleis institusjonelle reformer i Italia fekk ulike utslag i nord og sør. Reformane fungerte betre i Nord-Italia enn i Sør-Italia, trass i at dei var utforma på same måten. Putnam forklarar dette med at det er store skilnader i normer for samarbeid i landsdelane, og at strukturen på sosiale nettverk og det sivile engasjementet er ulikt. Han fann at det var meir sosial kapital i dei områda der menneska engasjerte seg i lokalsamfunna, og at engasjementet hadde ein god effekt på lokaldemokratiet. For Putnam (1995a, 1995b) er føresetnadane for at sosial kapital skal vere tilstade ein kombinasjon av tillit, nettverk og sivilt engasjement. Putnam har også argumentert for at den sosial kapitalen minkar i USA, ved at valdeltakinga er synkande, det er mindre deltaking i frivillige og religiøse organisasjonar, mindre samhold og tillit mellom borgarane, noko han også tilskriver svakare tilknytning til sivilsamfunnet (Putnam 1995a, 1995b). World Happiness Report slår også fast at grunnen til at amerikanarar er mindre lukkelege i dag enn før, er av sosiale heller enn økonomiske årsaker (Helliwell, Layard og Sachs 2017).

Alejandro Portes (1998) retter kritikk mot Putnams forståing av sosial kapital. Dersom sosial kapital skal beskrive grupper og samfunn, heller enn individ, kan ikkje årsak og verknad oppstå på same tid. Portes meiner til dømes at Putnam forklarar vellukka samfunn med høg sosial kapital, og samfunnsproblem oppstår fordi det er lite sosial kapital. Denne tanken er ifølge Portes prega av sirkelargumentasjon og derfor logisk inkonsistent. I tillegg meiner han at dei negative sidene av sosial kapital er lite utforska; *negativ* sosial kapital betyr eksklusjon av andre enn dei som tilhøyrrer gruppa, overdrivne krav frå andre gruppedlemmer, restriksjonar i individuell fridom og normoppløysing i høve til mainstream-samfunnet. Dette innebærer ofte sosial isolasjon og mindre deltaking på andre sosiale arenaer som utdanning, arbeid og i sivilsamfunnet. Slik negativ sosial kapital kan beteiknast som ei begrensing heller enn ein ressurs.

Nan Lin (1999, 2001) meiner at sosial kapital ikkje kan sjåast som anten eit kollektivt gode eller eit individuelt gode, men at det er både deler. Sosial kapital er eit biprodukt av sosiale interaksjonar som er nedfelt i og tilgjengeliggjort gjennom formelle og uformelle sosiale relasjonar mellom individ, grupper og institusjonar. Institusjonaliserte sosiale relasjonar med ibuande ressursar kjem både gruppa og dei individuelle medlemene i gruppa til gode. Lin meiner at sosial kapital er ressursar som ligg i relasjonane mellom individ heller enn hos individ sjølve, medan bruken av og tilgangen til ressursane ligg hos individ.

I si studie av sosial kapital i Norge, argumenterer Wollebæk og Seggaard (2011a) for at sosial kapital kan forståast både på individ- og samfunnsnivå, der tilgang til ressursar i form av tillit og nettverk gjer kollektive handlingar moglege. Ein definisjon av sosial kapital i Norge bør imidlertid romme større grad av samspel mellom fenomenen tillit og nettverk. Det er den kollektive handlinga, og ikkje tilgangen til individuelle ressursar, som er det vesentlege ved sosial kapital. Folk behøver nettverk for å oppnå noko, men nettverk prega av mistillit er i liten grad stand til å løyse kollektive problem. Nettverk kan generere og konsolidere tillit, men også øydelegge tillit. Tillit kan også generere og konsolidere nettverk. Tillit og nettverk er ikkje det same, men har eit heilt spesielt potensial når dei opptrer saman. (Wollebæk og Seggaard 2011).

2.1.2 Tillit

Niklas Luhmann (1988) skiljer mellom tillit (trust) og tiltru (confidence).² Ein kan ha tiltru til system og institusjonar, medan tillit handlar om mellommenneskelege relasjonar, til dømes gjennom kontakt med representantar for eit system eller ein institusjon. Tiltru handlar om ei innstilling hos oss om at livet er trygt og forutsigbart, som implisitt også betyr at me ikkje kalkulerer inn risiko. Tillit handlar på si side meir om ei aktiv beslutning om å stole på noko eller nokon, og som også innfattar ei anerkjenning av risiko (Luhmann 1988, sitert i Halvorsen 2007).

Carole Smith (2001) peiker også på distinksjonen mellom tillit og tiltru. Tillit karakteriserer tilhøva mellom menneske, medan tiltru viser til tryggleiken og sikkerheita som dei abstrakte systema rundt oss gjev oss, i form av rolleforventningar, felles normsett, ekspertkunnskap, lover og det juridiske systemet. Dess meir åtferda vår blir dempa av abstrakte system som lover og reglar og juss, eller avhenger av dei, som ekspertkunnskap, di mindre møter vi usikkerheit og behøver å stole på tillit. Tiltru til systema er eit trekk ved moderniteten, medan det er eit viktig poeng hjå Smith (2001) at tillit på si side er eit naudsynt trekk i sosialt arbeid. Utan tillitsskapande relasjonar mellom klient og hjelpar vert sosialt arbeid redusert til ei form for instrumentell rasjonalitet. Myndighetene, eller tenesteytarane av sosialt arbeid, føretrekker likevel tiltru framfor tillit i sosialt arbeid (Smith 2001).

² Mi oversetjing

Harald Grimen (2009) har undersøkt tillit med ei handlingsteoretisk tilnærming.

Utgangspunktet hans er at når tillita er tilstade, så er tillit noko vi *gjer*, ikkje noko vi *trur*.

“Tillit er treleddet: *Noen stoler på noen med henblikk på noe*” (Grimen 2009, 13). Grimen vektlegger fire moment når han forklarar kva tillitsgjevarar gjer:

1. Varetekt. Å sjå etter noko for andre.
2. Verdi. Viktighet hjå tillitsgjevaren.
3. Forventningar.
4. Måte å forholde seg på – å ta få forholdsreglar.

Når vi stoler på nokon, meiner Grimen at vi har “senka garden” og tek få forholdsreglar i tilhøvet til den eller dei som vi stolar på. Tillitsgjevarens forventningar bidrar til å forklare kvifor han tar få forholdsreglar. Grimen (2009) peiker også på samanhengane mellom tillit, makt og sårbarhet, og argumenterer for at eit handlingsteoretisk perspektiv gjer det mogleg å analysere desse samanhengane.

Dag Wollebæk og Signe B. Seggaard (2011b) viser til at handlingsperspektivet bør supplerast med at tillit også kan sjåast som haldning. I store, moderne samfunn kan vi umogleg kjenne alle som lever saman med oss, og vi må ofte stole på og samarbeide med folk vi ikkje kjenner. Dette er mogleg gjennom ei generell tiltru til andre menneske, som også vert kalla generalisert tillit. Generalisert tillit styrker føresetnadane for å utvide nettverk. Motsatsen til den abstrakte, generaliserte tillita er partikulær tillit, som viser til den konkrete tillita vi knyter til enkeltmenneske. Den partikulære tillita botnar i erfaring, i det at vi kjenner den andre personen og bidrar til å vedlikehalde dei banda som allereie finst. Både generalisert og partikulær tillit er former for horisontal tillit, som er assosiert med sosial kapital-omgrepet. Vertikal tillit handlar på si side om tillit til institusjonar, og vert assosiert med samfunnsdeltaking (Wollebæk og Seggaard 2011b, Barstad og Sandvik 2015).

Wollebæk og Seggaard (2011b) vektlegger også distinksjonen mellom samanbindande og overskridande tillit. Denne distinksjonen har likheitstrekk med Putnams (2000) omgrep om sosial kapital som band og bruer, men dreier seg spesifikt om tillitsdimensjonen. Samanbindande tillit er tillit mellom menneske som har samanfallande kjenneteikn innan til dømes etnisitet, språk, religion eller ideologi. Overskridande tillit er tillit mellom menneske som i utgangspunktet ikkje har mykje til felles. Samanbindande og overskridande tillit kan

vere både generalisert og partikulær. Generalisert tillit er tillit som styrker føresetnadane for samarbeid med framande. I samanbindande form vil det bety til dømes at ein stoler på medlemmer av trussamfunnet sitt, medan i overskridande form vil det ofte bety å stole på folk i alminnelegheit. Partikulær tillit styrker føresetnadane for samarbeid med folk ein kjenner. Partikulær samanbindande tillit kan til dømes vere å stole på familien sin, medan partikulær overskridande tillit kan vere å stole på ein nabo som er syrisk flyktning. Eric M. Uslaner (2003) peiker på at dei som har mykje partikularisert tillit, har berre tru på folk frå si eiga gruppe. Dei byggjer ikkje bruer på tvers av sosiale segment, og er kjenneteikna av å ha små sosiale nettverk. Wollebæk og Seggaard (2011b) viser at i Norge og Norden skårer vi høgt på alle fire formene for tillit, samstundes som at det er klare, positive samanhengar mellom desse tillitsformene.

Bo Rothstein og Eric M. Uslaner (2006) viser at det er store skilnader i tillit når ein samanliknar land med kvarandre. Deltaking i frivillige organisasjonar har blitt sett på som den mest viktige enkeltstående årsaka til tillit, sidan det er gjennom samvær med andre at vi lærer å stole på kvarandre (Putnam 1993, 2000). Rothstein og Uslaner (2006) hevdar at dette er diskutabelt, då det er lite støtte i forskning på samanhengar mellom sivil deltaking og generalisert tillit.

Dei landa som kjem best ut i undersøkingar av sosial tillit er prega av økonomisk likheit i befolkninga. Dette gjeld spesielt for dei nordiske landa, Sveits, Nederland og Canada. Dette er også land som har gjort mykje for å skape likheit i moglegheiter for befolkninga, med hensyn til utdanning, arbeid og likestilling. Rothstein og Uslaner (2006) meiner at likheit har vore ein undervurdert variabel i spørsmålet om tillit, og argumenta om å auke sosial tillit ved å redusere ulikheit har etter deira meining stort sett blitt ignorert i den politiske debatten. I staden har teoriar om sosial kapital blitt nytta av ulike regjeringar og politiske organisasjonar som eit rasjonale for idéen om at ei uheldig samfunnsutvikling skuldast for lite frivilligheit hos borgarane.

Rothstein og Uslaner (2006) argumenterer for at låge nivå av tillit og sosial kapital kan skuldast for lite vilje frå myndigheitene si side til å iverksetja tiltak for å redusera ulikheit. Land som har lite sosial kapital kan vera fanga i det dei kallar ei sosial felle. Dette omgrepet viser til ein slags «Catch 22»-dilemma; det er vanskeleg å etablere sosial tillit i befolkninga på grunn av at den sosiale ulikheita er for stor, samstundes som politiske tiltak som kunne ha utjamna ulikheita ikkje kan iverksetjast nettopp fordi det er mangel på tillit. Politiske

verkemidler som kan auke tillit er til dømes universelle velferdsprogram som behandler folk likt. Ein redistributiv skattepolitikk kan fungere økonomisk utjamnande med hensyn til å distribuere rikdom frå rike til fattige.

Likevel peiker Rothstein og Uslaner (2006) på at universelle velferdsprogram som offentleg helsevesen eller universell barnetrygd verkar meir utjamnande på ulikheit ved å skape sosial tillit. Årsaka kan ligge i at skatt vanlegvis er proporsjonal eller progressiv, medan tenester og ytingar er nominelle; det vil seie at ein får ei viss teneste eller ein viss sum. I land der med store sosiale skilnader, vil over- og middelklassen kvie seg for å betale høg skatt, fordi dei opplever at dei ikkje får noko att. Dermed vil dei oppleve at redistributive program er «for dei fattige» og snur seg bort frå politiske parti som programfester skatteaukingar og sosial velferd. I land med høg ulikheit, er det vanskeleg å bevege seg ut av sosiale feller utan omfattande reformpolitikk (Rothstein og Uslaner 2006).

Bo Rothstein og Dietlind Stolle (2003) meiner at sosial kapital ikkje berre har opphav i sivilsamfunnet, men at statsforvaltninga også spelar ei viktig rolle. Dei argumenterer for at ein særskilt viktig føresetnad for sosial kapital er at statsforvaltninga er upartisk, rettviss og kompetent. Esping-Andersens (1990) typologi av velferdsregimer viser korleis prinsippa om rettferd og upartiskheit blir anvendt ulikt. Den viktigaste skilnaden mellom universelle versus selektive og konservative velferdsregimer, er at dei sistnemnte skiljer mellom borgarane gjennom behovsprøving og privilegier. At nokre får goder som andre ikkje får, medfører ulikheit. Rothstein og Stolle (2003) argumenterer for at generaliserte haldningar til andre og generaliserte haldningar til rettferd og upartiskheit i statsforvaltninga heng nøye saman. Dei viser til at også i Sverige, eit døme på ein universalistisk velferdsstat, har mottakarar av behovsprøvde ytelsar som sosialhjelp og uføretrygd lavare tillit til andre enn den øvrige befolkninga.

Sören Holmberg og Bo Rothstein (2017) undersøker sosial tillit ut frå eit normativt perspektiv. Deira utgangspunkt er at det normative idealet i eit samfunn er at det bør vera eit høgt nivå av sosial tillit, og eit minimum av skilnader i tillit mellom ulike sosiale, økonomiske og politiske grupper. Ved å samanlikna data frå 80 ulike land, finn dei at det er eit fåtal av landa som har rimelige nivå av sosial tillit, som i dei nordiske landa, Nederland, Sveits, Australia og New Zealand. I dei fleste andre land har befolkninga lav sosial tillit. Dei finn også store skilnader i sosial tillit mellom grupper, og dei med god utdanning, god helse og som er i arbeid har generelt sett høgare tillit enn dei dårlig utdanna, dei med dårlig helse og

arbeidsledige. Vanskelegstilte og underprivilegerte menneske har mindre sosial tillit, og denne tendensen kjem til syne over heile verda.

I ei komparativ studie av 22 europeiske land, viser Knut Halvorsen (2007) at det er samanheng mellom sosial tillit og kva for velferdsregime som eksisterer i landet. Dei sosialdemokratiske velferdsregima ser ut til å ha høgast nivå av sosial tillit, medan tidlegare kommunistregimer hadde minst sosial tillit. Kva for velferdsregime det er i landet har meir å seie for sosial tillit enn individuelle variablar. Det kan vere at årsakene til tillit ligg i djupare verdiar og distribusjonen av ressursar. Mindre sosial ulikheit kan vere ei plausibel forklaring på det høge tillitsnivået i dei sosialdemokratiske velferdsregima, sidan det også har vist seg at høg sosial tillit også er assosiert med høg vertikal tillit, eller tillit til institusjonar og det politiske systemet (Halvorsen 2007).

Dag Wollebæk og Per Selle (2002) har undersøkt om det å delta i frivillige samanhengar bidrar til sosial kapital, og om det er slik at aktiv deltaking i frivillige samanhengar bidrar meir til sosial kapital enn kva passiv deltaking gjer. Dei undersøkte også om antal samanhengar ein deltar i har noko å seie for sosial kapital, om aktivitetsnivået er viktigare enn antal samanhengar ein deltar i, og om medlemmer av politiske organisasjonar har høgare nivå av sosial kapital enn medlemmer av andre organisasjonar. I følge Putnam (1993, 2000) er det gjennom samhandling andlet til andlet med andre frå ulik bakgrunn at ein lærer å stole på einannan, og organisasjonsliv og sivilsamfunn er arenaer som let sosial tillit spreie seg ut i samfunnet. Wollebæk og Selle (2002) viser at deltaking i frivillige samanhengar bidrar til sosial kapital både på tillitsnivå, nettverksnivå og med hensyn til sivilt engasjement. Aktiv deltaking bidrar imidlertid ikkje meir enn passiv deltaking, men det å delta i fleire samanhengar bidrar meir til sosial kapital enn dersom ein kun deltar i ein samanheng. Verken aktivitetsnivå eller politisk deltaking ser imidlertid ut til å bidra til sosial kapital.

2.1.3 Nettverk

Mark Granovetter (1973) undersøkte styrken i sosiale relasjonar. Dei sterke banda er til menneske ein bruker mykje tid på og som ofte har høg emosjonell verdi. Dei svake banda er til menneske ein omgås mindre med som har karakter av å vere bekjentskapar. Banda til menneske i nabolaget eller i organisasjonar er døme på svake band. Dei svake banda har likevel ein særeigen styrke ved at dei knyter oss til menneske som inngår i andre nettverk, og

som ofte har eigenskapar som skiljer dei frå oss sjølve og dei vi treff oftast. Svake band, i tydinga perifere bekjentskapar, kan dermed gje viktig informasjon om til dømes jobbmoglegheiter, som ikkje er tilgjengelig i nettverket av sterke band.

Putnam (2000) skiljer mellom samanbindande sosial kapital (bonding) og overbyggande sosial kapital (bridging), eller sosial kapital som band og bruer. Samanbindande sosial kapital, viser til nettverk der det er sterke band innad i ei gruppe som skaper solidaritet og gjensidigheit mellom medlemene. Desse nettverka forsterker identiteten til medlemene, men er lite opne. Døme på slike nettverk kan vere familiar eller nettverk av nære vener. Putnam meiner at slike nettverk gjev sosial støtte til medlemene, og er viktige i tydinga «getting by» - å klare seg i kvardagen. Overbyggande sosial kapital er nettverk i form av bruer – sosiale relasjonar som går på tvers av sosioøkonomiske skiljelinjer, og Putnam viser til Granovetter (1973). Ressursane i slike nettverk består av informasjonsutveksling, sosial kontakt og samhandling, og skaper tillit mellom ulike grupper. Det er denne forma for sosial kapital som er viktig for å betre situasjonen sin, eller «getting ahead».

Ei tredje form for sosial kapital, sosial kapital som *lenker*, handlar gjerne om stiger til personar lengre oppe i rang eller status, som kan gje tilgang til ressursar som elles ikkje er tilgjengelige. (Woolcock 2001, Szreter og Woolcock 2004). Denne forma for sosial kapital kan også vere lenker mellom ulike systemiske nivå. Dette kan vise seg i vertikale samband, og viser maktaspektet i enkelte relasjonar. Dette kan vere relasjonane mellom eit individ og institusjonar, som til dømes helsetenesta, velferdsapparatet eller rettsvesenet. Nivålenkande sosial kapital viser at sivilsamfunnsperspektivet som er representert gjennom horisontal sosial kapital av bruer og band, ikkje er tilstrekkelig når ein skal analysere dei vertikale relasjonane mellom individ og stat (Sund 2010).

2.1.4 Sosial kapital – ei oppsummering

Teoriar om sosial kapital er mangslungne, og ulike teoretikarar definerer sosial kapital på ulike måtar. Bourdieus definisjon er individorientert, strukturell og instrumentell, medan Colemans definisjon inntek eit kollektivistisk perspektiv. Putnams definisjon bygger vidare på Colemans teoriar, medan Portes sin kritikk av desse to går meir i retning av Bourdieu sin «opprinnelege» posisjon. Dei fleste teoretikarane er samde om at sosial kapital består av tillit

og nettverk. Det finst ulike former for tillit og ulike former for nettverk. Det er også vanleg å snakke om ulike typar sosial kapital, som gjerne vert delt inn i band, bruer og lenker.

2.2 Sosial kapital og tillit i Norge og Norden

2.2.1 Tidlegare forskning

Sosial kapital og tillit har blitt undersøkt i Norge i fleire tidlegare studier. Signe Vrålstad (2012) fann på bakgrunn av tal frå Levekårsundersøkinga EU-SILC, at dei som hadde høg tillit til andre var meir aktive i organisasjonar og i politisk verksemd. I hennar studie hadde det å vere yrkesaktiv og å ha høg utdanning positiv samanheng med høgt nivå av tillit, sterkt sosialt nettverk og deltaking i organisasjonslivet, medan arbeidsledige og dei med lav utdanning hadde mindre tillit, svakare nettverk og deltar mindre i organisasjonslivet. Dei eldre hadde høgare tillit til andre enn yngre menneske, men dei hadde svakare nettverk.

Anders Barstad og Lene Sandvik (2015) har gjort ei analyse av ulikheit i sosiale relasjonar med utgangspunkt i den same undersøkinga, og undersøker deltaking, tillit, støtte og tilhørighet. Dei fann at Norge har høg horisontal tillit, altså stor grad av generell sosial tillit. Aldersgruppa 45-66 år har mest tillit av dei ulike aldersgruppene. Den yngste aldersgruppa har lavast tillit. Personar med lavare sosioøkonomisk status er mindre tillitsfulle enn andre, men tillitsnivået stig i takt med utdanningsnivå og hushaldningsinntekt. Dei fann også at kvinner har meir tillit enn menn, og at yrkestilhøyrihet ser ut til å ha betydning for tillitsnivået då uføre og arbeidsledige har lavare tillit enn yrkesaktive.

Kari B. Larring og Steinar Stjernø (2010) har studert sosial kapital blant marginaliserte menneske. I deira studie undersøkte dei kva nettverk brukarar av tenestene til Kirkens Bymisjon og Frelsesarmeen i Oslo hadde, menneske som ofte blir oppfatta som marginaliserte. Brukarane sto i all hovudsak utanfor arbeidslivet, hadde uføretrygd eller sosialhjelp som inntektskjelde og benytta seg av Kirkens Bymisjon og Frelsesarmeen sine tilbud for å kome seg gjennom kvardagen. Studia undersøkte i kor stor grad dei sosiale relasjonane til desse brukarane representerte ressursar som kunne bidra til at dei kom seg ut av den vanskelege livssituasjonen dei befann seg i. Ved å skilje mellom ulike typar nettverk i form av band, bruer og lenker, fann dei skilnader i nettverka hos informantane sett i høve til den øvrige befolkninga. Dette vart samanlikna med tal frå Levekårsundersøkinga 2002.

Informantane hadde mindre sosiale band med familie og mindre bruer i form av kontakt med naboar, men ikkje færre band til vener. Dei hadde fleire lenker i form av kontakt med personar i roller som i teorien kunne tilføre dei ressursar enn forventa. Likevel ser det ikkje ut til at desse lenkene førte til betring i situasjonen deira, i form av instrumentelle ressursar for å få betre tilgang til arbeidsmarknaden (Larring og Stjernø 2010, Lin 2001). Dette blir forklart med at nettverka deira i stor grad omfattar andre menneske i ein tilsvarande vanskeleg situasjon, eller at ressursane deira er uttømt gjennom langvarige problem i arbeidsmarknaden (Larring og Stjernø 2010).

Det har også vore forska på sosial kapital blant langtidsmottakarar av sosialhjelp. Marit Slagsvold og Kjetil Van der Wel (2006) fann at sosialhjelpsmottakarar hadde mindre sosial tillit enn den øvrige befolkninga, blant sosialhjelpsmottakarar var det 36 prosent som hadde lav sosial tillit, mot sju prosent i den øvrige befolkninga. Dei fann vidare at sosialhjelpsmottakarane hadde mykje kontakt med dei næraste med same sosial bakgrunn og identitet, og hadde soleis sosial kapital i form av band. Dei hadde likevel mindre kontakt med familie og vener enn resten av befolkninga, og nettverka deira hadde lite preg av brubyggande sosial kapital då respondentane i liten grad dreiv med frivillig arbeid, hadde nabokontakt eller deltok i sosiale aktivitetar.

Wollebæk (2011) peiker på at nivået av sosial kapital er større i dei nordiske landa enn i resten av Europa. Generalisert tillit er eit mål på sosial kapital, og det er ingen teikn til denne er svekka. Tvert om aukar tillita mellom menneske i Europa, og den aukar mest i Norden. Årsakene er å finne i eit stadig høgare utdanningsnivå og stadig aukande velstandsnivå utan store inntektsskilnader, samt ei høg og svakt aukande tillit til institusjonar. Det er altså ingen grunn til å frykte ein kollaps i sosial kapital og i tillitsskapande mekanismar i det norske samfunnet, og heller ikkje i dei øvrige nordiske og europeiske landa. Det er heller ingen grunn til å tru at Putnam (2000) sin beskrivelse av at den sosiale kapitalen forvitrar i USA har gyldighet for europeiske tilhøve.

Wollebæk si analyse baserer seg på data som er innhenta før finanskrisa slo inn i Europa, og han tar atterhald om at dette kan ha ført til redusert tillitsnivå. Det kan også vere at person- og stadbunden tillit er meir sårbar enn generalisert tillit. Dersom eit lokalsamfunn endrar etnisk, sosial eller demografisk samansetning raskt, kan det ha konsekvensar for tillit til andre. Sjølv om vi kan seie at den generaliserte tilliten er høg i Norge og Norden, er biletet meir usikkert for dei lokale tilhøva. Det kan vere større grad av variasjon mellom ulike lokalsamfunn.

Likevel er Norge og Norden prega av høg tillit i form av sterke sivilsamfunn, høg grad av systemtillit og sterk mellommenneskeleg tillit, noko som forsterker velferdssamfunnets og institusjonane sin legitimitet.

Wollebæk (2011) har framlagt ei hypotese om at finanskrisa i 2008 kan ha ført til lavare sosial tillit. Eg har ikkje funne empiri som kan bekrefte eller avkrefte dette. Halvorsen (2016) har imidlertid undersøkt nivå av subjektiv livskvalitet (well-being) i Portugal, Irland, Hellas og Spania, land som vart hardt råka i etterkant av finanskrisa. Desse landa har befolkingar med lavare tillit til myndigheitene enn i dei nordiske landa. Lav vertikal tillit er assosiert med lavare livskvalitet. Halvorsen (2016) fann at det var ein svak samanheng mellom økonomiske nedgangstider og lavare livskvalitet.

2.3 Sosialt arbeid og sosial kapital

Lars A. Nysæther (2004) har reflektert over omgrepet sosial kapital og om det kan anvendast i sosialt arbeid. Han tek utgangspunkt i Bourdieu (1986) og Coleman (1990) sine definisjonar av sosial kapital. Samanhengen mellom relasjonar og tilgang på ressursar i nettverk, og tillit som kan vere grunnlagt i normer, gjensidige byter/forpliktingar og sanksjonar, meiner han kan vere anvendelege omgrep i sosialt arbeid. I tillegg viser Nysæther (2004) til Portes (1998) og hans omgrep om internaliserte verdiar, gjensidige byter, begrensa solidaritet og sanksjonsbasert tillit som kjelder til sosial kapital. Desse kjeldene til sosial kapital kan gje ulike moglegheiter på ulike nivå. Samhandling i miljø som er prega av tillit og gjensidigheit basert på internaliserte verdiar kan føre til endra åtferd, haldningar og verdiar hos klientar. Gjensidige byter er ofte basert på individuelle nytteverdiar, og det er viktig å vurdere om klientar kan bli underlegne på grunn av for lite ressursar eller fordi dei skiljer seg ut i eit miljø. Begrensa solidaritet kan vere ein motivasjon for å hjelpe andre, samstundes som at denne forma for sosial kapital kan vere ekskluderande viss ein ikkje bli identifisert med lokalsamfunnet eller gruppa. Integreringsarbeid og relasjonsbygging kan også vere enklare å få til i miljø der tillita er basert på forventa sanksjonar frå fellesskapen.

2.3.1 Sosial kapital – gamal vin på nye flasker?

Bengt Starrin (2009) peiker på at det har blitt retta kritikk mot å bruke sosial kapital som metafor for tilhøve som kan beskrivast betre av allereie eksisterande omgrep i sosialt arbeid, og spør om ikkje å bruke sosial kapital-omgrepet i så fall er å helle gamal vin på nye flaskert. Døme på slike omgrep er sosial integrering, desintegrasjon, sosial ekskludering, sosiale nettverk, sosiale band, sosial støtte, tillit, fortrulegheit, sosial isolasjon eller einsemd (Muntaner 2004, i Starrin 2009).

Korleis er så sosial kapital ulikt frå omgrep som sosial støtte og sosiale nettverk, som tidlegare er kjend frå sosialt arbeids teori? Robert Hawkins og Katherine Maurer (2012) drøfter sosial kapital opp mot omgrepa sosial støtte og sosialt nettverk, omgrep som lenge har blitt brukt i sosialt arbeids teori for å beskrive dynamikken i tilhøvet mellom sosialt samspel og tilgang på ressursar. Dei meiner at sosial støtte og sosiale nettverk er imidlertid ikkje tilstrekkelig presise omgrep for å vurdere verdien av ressursane som er tileigna gjennom eit nettverk. Sosial kapital-omgrepet kan brukast til å analysere effekten av støttefaktorane og nettverket, og kvaliteten på og tilgjenge av ressursar. Sidan nettverket ikkje kan generere ressursar som produserer større verdiar enn det som allereie ligg i nettverket, trengs det difor bruer og lenker som kan overskride strukturelle barrierar som kjønn, alder, etnisitet og klasse. Hawkins og Maurer (2012) foreslår ei tilnærming der sosialarbeidarar kombinerer individ, gruppe og systemnivå i praksis med sosial kapital i form av band, bruer og lenker. Hawkins og Maurer (2012) argumenterer for at det er Lins (2001) definisjon av sosial kapital som er mest anvendelig for sosialt arbeid, då den gjer det mogleg å analysere strukturelle faktorar som klasse, kjønn og etnisitet sett i høve til dei økonomiske tilhøva og makttilhøva på mikro- og makronivå.

Karen Healy og Anne Hampshire (2002) meiner at sosial kapital potensielt sett er eit nyttig omgrep for progressivt sosialt arbeid, men at omgrepet samstundes må vere gjenstand for kritisk refleksjon. Sosial kapital kan bli brukt som ein ekskluderande mekanisme for enkelte grupper som blir sett på som annleis enn vanlege eller «mainstream» sosiale nettverk. Homogene nettverk kan ha mindre ønskelige effektar, slik også Portes (1998) har peika på. Omgrepet må også vere knytt til økonomisk utvikling, slik at det ikkje skjuler reelle materielle vanskar. Dei peiker også på at myndigheiter har brukt omgrepet for å «sende ballen tilbake» til vanskeligstilte lokalsamfunn, utan å bevilge dei nødvendige økonomiske, materielle og menneskelege ressursane som krevst for å utføre endringsarbeid, noko dei argumenterer for

kan ha samanheng med «tredje veg»-politikken som oppsto på byrjinga av 2000-talet, der Giddens (2000) var talsmann for eit kompromiss mellom marknad og stat, mellom nyliberalisme og den keynesianske velferdsstaten.

Ei synergisk tilnærming der sosial kapital i form av bruere, band og lenker blir kombinert med eit institusjonelt ansvar for å fasilitere dei sosiale og økonomiske føresetnadane for å danne denne kapitalen, er etter deira meining ein god strategi. Det innebærer at sosialarbeidarar må vere klar over kva for konsekvensar intervensjonane deira har, og kva form for sosial kapital som treng i ulike situasjonar. Sosialt arbeid har lang tradisjon for å styrke band mellom menneske, og i mange høve er det ein riktig strategi. Samstundes kan meir heterogene nettverk skape brubyggande og lenkande kapital, som kan vere eit potensial for utviklingsmoglegheiter. Å hjelpe til med å skape lenker til institusjonar og myndigheiter kan gje grobunn for sosial og økonomisk utvikling for vanskelegstilte individ og grupper (Healy og Hampshire 2002).

2.3.2 Sosial kapital og marginalitet

Liv J. Solheim (2009) har vist at sosial kapital kan brukast for å analysere marginaliserte grupper sin situasjon. Ho legg til grunn at mange teoretikarar innanfor sosial kapital-litteraturen ikkje skiljer mellom det individuelle og det kollektive aspektet ved sosial kapital, og bruker difor omgrepa relasjonell kapital og systemkapital for å fange opp skiljet (Esser 2008). Det vert skilt mellom tre typar relasjonell kapital; posisjonell kapital, tillitskapital og forpliktingskapital. Posisjonell kapital handlar om å optimalisera investeringane sine i sosiale relasjonar ved å ha tilgang til ulike nettverk. Tillitskapital handlar om dei ressursane som ein kan aktivere, basert på det ryktet ein har. Forpliktingskapital handlar om gjensidig forpliktande avtalar ein har med andre aktørar, og verdien av ressursar som desse kan aktivere.

Systemkapital er eit kjenneteikn ved sosiale system som til dømes eit lokalsamfunn, og dreier seg om felles sosiale normer som gjeld i kollektivet og som alle kan dra nytte av.

Systemkapital dekkjer ulike aspekt ved kollektive band, og det vert skilt mellom systemkontroll, systemtillit og systemmoral. Det er ein samanheng mellom dei ulike aspekta, der systemmoral berre kan oppretthaldast gjennom systemkontroll og systemtillit.

Systemkontroll er den viktigaste basen for systemkapitalen, medan systemmoralen og

systemtillita er meir overordna. Utan effektiv systemkontroll er det fare for at systemtillit og systemmoral vil minke. Hjelpeapparatet kan sjåast på som ein del av systemkontrollen i eit lokalsamfunn. (Solheim 2009).

Solheim (2009) argumenterer for at å byggje relasjonell sosial kapital i hjelpeapparatet i stor grad handlar om å opparbeide posisjonell kapital, ved å utvikle kontakt med personar i posisjonar som har kompetanse brukarane treng for å få best mogleg hjelp. Samstundes behøver brukarane også tryggleik til dei som skal hjelpe, og i dette ligg også aspektet med tillitskapital. Solheim (2009) vektlegger altså det relasjonelle aspektet. For å få nytte av systemkapital, krevst det at ein kan opparbeide seg relasjonell kapital.

2.3.3 Sosial kapital i velferdstenestene

Rolf Rønning (2009) peiker på at i tillegg til å vere eit analytisk omgrep, er sosial kapital blitt eit utgangspunkt for instrumentelt hjelpearbeid med såkalla ressursvake grupper. Å bruke eit omgrep analytisk kan antyde årsakssamanhengar, men det krevst ein sterkare kausal samanheng for å bruke eit omgrep instrumentelt enn kva forskinga kanskje gjev dekning for. Det kan vere fare for å utvikle uheldige praksisformer dersom ein ikkje tek hensyn til avgrensingane som forskinga gjev. Sosial kapital og nettverkstenking representerer både moglegheiter og begrensningar, fordi ulike nettverk har ulik karakter. Sosial kapital i eitt nettverk er ikkje utan vidare konvertibel til eit anna. Samstundes kan sosial kapital-omgrepet også tilføre nye perspektiv til praksisfeltet, gjennom til dømes å fasilitere ulike empowerment-tilnærmingar. Sivilsamfunnet kan brukast som arena for empowerment-tiltak, blant anna i arbeid med sosial trening, å byte nettverk, integrering av innvandrarak og med eldre (Rønning (2009).

Sosial kapital har også funne vegen inn i barnevernsarbeid. Halvor Fauske (2009) har undersøkt om barnevernet kan bidra til å bygge opp sosial kapital. Barn og foreldre som behøver hjelp frå barnevernet, manglar ofte gode sosiale nettverk og relasjonar som er prega av gjensidigheit og tillit. Barnevernets tiltak må forsøke å avhjelpe desse problema. Samstundes har problema til familien ofte grunnlag i strukturelle, samfunnsmessige problem, slik at det ofte krevst ein kombinasjon av generelle velferdspolitiske tiltak og barnevernstiltak retta inn mot familien for å hjelpe. Den politiske, økonomiske og kulturelle konteksten som den sosiale kapitalen verkar i, er viktig å analysere for å vite kva for effektar den sosiale

kapitalen vil få for barnet og familien. Om sosial kapital blir ein ressurs eller ein barriere er i stor grad betinga av dei samfunnsmessige tilhøva som kapitalen befinner seg i, og dersom barnevernstiltak skal kunne styrke klientane sin sosiale kapital, er den velferdspolitiske diskursen og dei samfunnsmessige føresetnadane for tiltaka svært viktige. Den sosiale kapitalen må vere tilgjengelige for familiane, men betingelsane for at kapitalen gjev den effekten ein ønsker for bornas velferd, er også viktig.

2.4 Problemstilling, operasjonalisering og hypoteser

Problemstillinga for oppgåva: Er det samheng mellom sosioøkonomisk status, verdiorientering, nettverksressursar og sosial tillit?

Sosioøkonomisk status vert i denne oppgåva operasjonalisert som utdanningsnivå, inntektskjelde og subjektiv oppleving av å ha tilstrekkelig inntekt. Verdiorientering vert operasjonalisert som i kva grad ein opplever det som viktig å bli behandla likt og å ha like moglegheiter. Nettverksressursar vert operasjonalisert som storleik og kvalitet på nettverket, hyppighet av sosial kontakt i nettverket og deltaking i sosiale aktivitetar.

På bakgrunn av empiri og teori er blitt presentert i dette kapittelet, er det mogleg å gjere nokre antakingar av samanhengar mellom variablane. Felles for dei fleste teoretikarar sin definisjon av sosial kapital, er at det innebærer tilgang på ressursar gjennom deltaking i eit fellesskap eller ei gruppe. Tilgangen til desse ressursane er basert på tillitsbaserte relasjonar mellom menneske, slik at det er tillit som fasiliterer kollektive handlingar. Eg er spesielt interessert i å få kunnskap om årsakene til at enkelte har lav tillit til andre, sidan ein del teori og empiri kan tolkast i retning av at lav sosial tillit er assosiert med større sannsynlegheit for å bli marginalisert. Kvifor er det slik at enkelte lavare tillit enn andre?

Hypotese 1: *Lav sosial tillit til andre kan predikerast gjennom kjønn og alder.* Tidlegare studier har vist at kvinner har høgare tillit enn menn, og eldre har høgare tillit enn yngre (Vrålstad 2012, Barstad og Sandvik 2015). Det er difor naturleg å teste denne hypotesa med utgangspunkt i tidlegare funn.

Hypotese 2: *Lav sosial tillit til andre kan predikerast gjennom sosial ulikheit.* Sosial ulikheit er i denne oppgåva definert som skilnader i utdanningsnivå, ulike inntektskjelder og ulik kjensle av tilstrekkelig inntekt. Andre studier har vist at yrkestilhøyrihet ser ut til å ha betydning for tillitsnivået (Vrålstad 2012, Barstad og Sandvik 2015). Oppgåva vil difor søke å finne svar på om dei som mottar trygd har lavare sosial tillit enn yrkesaktive. Rothstein og Stolle (2003) viser til at mottakarar av behovsprøvde ytelsar som sosialhjelp og uføretrygd i Sverige hadde lavare sosial tillit enn den øvrige befolkninga. Kan ein trekke liknande konklusjonar ut av dette utvalet? Spørsmålet om kjensle av tilstrekkelig inntekt viser det subjektive aspektet ved inntekt. Ved å bruke eit subjektivt mål på inntekt kan ein få greie på den relative økonomiske statusen; korleis respondentane opplever inntekta si samanlikna med andre.

Hypotese 3: *Lav sosial tillit til andre kan predikerast gjennom haldningar til likheit.* Rothstein og Uslaner (2006) peiker på at dei nordiske landa, Sveits, Nederland og Canada har høg sosial tillit i befolkninga. Desse landa har også gjort mykje for å skape likheit i moglegheiter for befolkninga, med hensyn til utdanning, arbeid og likestilling. Blir dette gjenspegla i nordmenn sine haldningar til likheit, og er det samanheng mellom haldningar til likheit og tillit til andre? Dette blir målt gjennom ein haldningsvariabel som tek sikte på å måle om respondentane tykkjer det er viktig at folk har like moglegheiter og at folk blir behandla likt.

Hypotese 4: *Lav sosial tillit til andre kan predikerast gjennom nettverk.* Dette blir målt gjennom variablane: «Kor mange menneske kan du drøfte intime og personlege saker med?» som måler storleik og kvalitet på nettverket, og «Kor ofte møtes du sosialt med vener, slektningar eller kollegaer?» som måler hyppighet av sosial kontakt i nettverket. Denne hypotesa er kanskje spesielt interessant å teste fordi teoriar om sosial kapital legg stor vekt på samspelet mellom tillit og nettverk, slik at samanhengen mellom variablar som måler nettverk og som måler tillit burde derfor vere spesielt sterk.

Hypotese 5: *Lav sosial tillit til andre kan predikerast av deltaking i sosiale aktivitetar.* Putnam (2000) legg spesielt stor vekt på samhandling med andre i frivillige organisasjonar som den viktigaste arenaen for å lære tillit og å bygge nettverk. Vrålstad (2012) fann at dei

som hadde høg tillit til andre var meir aktive i organisasjonsliv og politisk verksemd. Det kan difor vere interessant å teste hypotesa om deltaking i sosiale aktivitetar har samanheng med sosial tillit. Variabelen «Kor ofte deltar i du i sosiale aktivitetar samanlikna med andre på din alder» søker å måle dette.

3. METODE

Metode kan definerast som ein framgangsmåte for å få svar på empiriske spørsmål, og dermed å komme fram til ny kunnskap (Hellevik 1997). Metodevalet seier noko om måten ein samlar inn, behandlar og analyserer data, og har dermed også innverknad på utkomet av studia ein utfører. I tillegg har problemstillinga samanheng med metodevalet. Problemstillinga i denne oppgåva krever at eg undersøker kva for samanhengar som finst mellom sosioøkonomisk status, verdiorientering, nettverksressursar og sosial tillit. I denne oppgåva har eg valt å bruke lineær regresjon som metode, og i dette kapitlet vil eg gjere greie for kvifor denne metoden vil vere ei god tilnærming for å belyse problemstillinga for oppgåva. Eg vil vidare gjere reie for forskingsdesign og gå nærare inn på eigenskapane i datamaterialet. Det vil gjerast reie for dei ulike variablane ved at verdiane vil bli presentert og det vil gjerast reie for korleis variablane er blitt koda om. Kapitlet avslutter med etikk i forskning.

Utvalet til denne oppgåva vart valt med tanke på å svare på forskingsspørsmåla på best mogleg måte. Sidan problemstillinga handlar om å undersøke norske tilhøve, tek oppgåva føre seg det norske utvalet i ESS sin sjuande runde. Utvalet er 1435 respondentar.

3.1 *Forskingsdesign*

Oppgåva nyttar kvantitativ forskingsstrategi, og er ei tverrsnittsstudie basert på ei spørjeundersøking. Det vert nytta multippel regresjonsanalyse for å undersøke problemstillinga. Den avhengige variabelen i analysa er tillit til andre menneske. Dei uavhengige variablane er kontrollvariablar som kan tenkast å forklare kvifor nokon har meir eller mindre tillit. Dei uavhengige variablane er kjønn, alder, utdanningsnivå, inntektskjelde, kjensle av tilstrekkeleg inntekt, haldningar til likheit, kvalitet på nettverk, hyppigheit av sosial kontakt og deltaking i sosiale aktivitetar. Utdanning og inntekt er mykje brukte mål på sosioøkonomisk status, og lav sosioøkonomisk status kan vere assosiert med marginalisering. Samstundes er nettverksdimensjonen avgjerande, sidan kvaliteten og storleiken på nettverket kan vere avgjerande for moglegheitene for å kome ut av ein vanskeleg situasjon.

I denne oppgåva er sosioøkonomisk status operasjonalisert som utdanningsnivå, kjensle av tilstrekkelig inntekt og inntektskjelde, og eg vil undersøke om det er samanheng mellom

sosial tillit og sosioøkonomisk status. Eg vil også undersøke om det er samanheng mellom sosial tillit og ressursar i nettverket, i form av sosial kontakt og kor mange ein personar ein har til rådighet som ein kan drøfte personlege ting med. I tillegg vil eg undersøke om det er skilnader i sosial tillit hos menn og kvinner og om tillit auker med alderen, slik andre studier har vist. Eg vil også undersøke om dei som deltar i sosiale aktivitetar har større tillit enn dei som ikkje deltar i sosiale aktivitetar, og om verdiorientering, i form av kva haldningar ein har til om folk blir behandla likt og har like moglegheiter, har innverknad på tillit.

Dataanalysa vart gjort med SPSS versjon 23. Alle analyser vart utført med designvekting, slik det blir tilrådd frå ESS. Det er vanleg å nytte sannsynlegheitsutvelgning som gjev moglegheiter for statistisk generalisering av resultatata til populasjonen som utvalet er henta frå (Ringdal 2013). Alle variablar vart screena for manglande verdiar. I variabelen som måler haldningar til likheit, var det ni manglande respondentar, eller 0,6 prosent. Dette er ikkje særleg høgt, og det vart ikkje gjort noko meir for å byte ut manglande variablar. Verdiane vart bytta om og rekoda der det vart sett som naudsynt. Det vart utført korrelasjonstestar for å undersøke samanhengen mellom den avhengige og dei uavhengige variablane. Korrelasjonstestane viste samanheng mellom dei fleste av dei uavhengige variablane og den avhengige variabelen, og vil bli presentert i neste kapittel.

Oppgåva kunne også ha nytta eit kvalitativt design. Ei mogleg tilnærming kunne ha vore å intervjuja eit lite antal respondentar for deretter å analysere intervjuja i etterkant. Ei slik tilnærming ville gjort det mogleg å gå tettare på respondentane, og analysa kunne dermed ha frambragt ei breiare og meir omfattande forståing av intervjuobjekta si oppleving av tillit som fenomen. Når ei kvantitativ tilnærming likevel vart valt, var det med utgangspunkt i problemstillinga og perspektivet som låg til grunn for oppgåva, og ei interesse for å gå nærare inn på den kvantitative forskingsmetoden.

3.1.1 Lineær regresjon

Multipel eller multivariat regresjonsanalyse har ein avhengig variabel og minst to uavhengige variablar. Konstanten viser utslag i den avhengige variabelen når den uavhengige variabelen blir holdt konstant. Den ustandardiserte regresjonskoeffisienten (B) vil vise endringa i Y når X blir endra med éi måleining, kontrollert for dei andre variablane i modellen (Ringdal 2013).

Beta er den standardiserte regresjonskoeffisienten. Dess større Beta-verdien er, di større effekt er det mellom variablane. Beta-verdien er, ved at den er standardisert, eigna til å samanlikne koeffisientane for dei ulike uavhengige variablane med kvarandre.

Justert R^2 er eit mål på kor god modellen er, ved at den viser kor mange prosent av variansen i den avhengige variabelen som kan forklarast ut frå dei uavhengige variablane. R^2 er kvadratet av korrelasjonskoeffisienten, og går frå 0 til 1. Dess høgare R^2 , di betre er modellen då ein kan anta at dei viktigaste forklaringsfaktorane er inkludert i modellen og at resultatet ikkje skuldast residualane. R^2 har fått noko kritikk då denne alltid vil auke dersom ein legg til fleire uavhengige variablar, og det vert difor tilrådd å bruke justert R^2 dersom ein har mange uavhengige variablar (Eikemo og Clausen 2007). Den lineære regresjonen i denne oppgåva innheld ni uavhengige variablar, og justert R^2 blir nytta som mål på kor stor forklaringskraft modellane har.

3.2 *Datamaterialet*

3.2.1 European Social Survey

European Social Survey (ESS) er ei akademisk driven, tverrnasjonal spørjeundersøking som sidan 2001 har samla inn informasjon frå meir enn 30 europeiske land annakvart år. Data er gjort tilgjengelig gjennom internett for non-profit forskingsføremål. ESS har som mål å observere og tolke endringar i haldningar og verdier i Europa og korleis desse verkar inn på europeiske institusjonar.

ESS freister å få fram både kontinuitet og endring gjennom å bruke kjernemodular og roterande modular. Kjernemodulane inneheld dei same spørsmåla i kvar runde, og består av tolv ulike emner som respondentane blir bedt om å besvare. Dei roterande modulane blir endra for kvar runde.

3.2.2 Kvaliteten på ESS sine data

ESS sine data skal halde høg kvalitet, og spørjeundersøkingane er drivne etter svært strenge tekniske og metodiske standardar. ESS mottok EU sin forskingspris, Descartes-prisen, i 2005. Det var første gong at eit samfunnsvitskapleg forskingsprosjekt vann denne prisen.

Landa som deltar må følgje strenge prosedyrar for datainnsamling og utval. ESS krever representative sannsynlighetsutval frå målpopulasjonen, som er definert til å vere «15 år eller eldre som er del av privat hushaldning, uansett nasjonalitet og statsborgarskap». Responsraten må vere på meir enn 70 prosent og utvalet må vere på meir enn 1500 respondentar (ESS 2016b).

3.2.3 Vekting av data

Det vart nytta designvekter for å korrigere dei utfordringane som oppstår knytta til sannsynlegheit for å bli tatt opp i utvalet. Ulike utvalsdesign medfører større eller mindre sannsynlegheit for individa i populasjonen å bli tatt med i utvalet, som kan føre til at enkelte individ eller grupper kan bli over- eller underrepresentert. Å bruke designvekter gjer at ein kan estimere moglege skeivheiter i utvalsseleksjonen og korrigere for dette.

3.2.4 Datainnsamling

Intervjua som spørjeundersøkinga bygger fann stad i perioden 20.08.14-08.01.15. Intervjua vart gjort i heimen til respondentane. Intervjutid var estimert til mellom 70 og 80 minutt ut frå pilottesting. Gjennomsnittleg tid for kvart intervju i spørjeundersøkinga var 56 minutt. Det var 1436 valide intervju i spørjeundersøkinga. Det opprinnelege utvalet var på 2747, som gav ein responsrate på 53,94 prosent (ESS 2016a).

3.3 Kausalitet og korrelasjon

Kausalitet eller årsaksamanheng er tilhøvet mellom årsak og verknad. Ved å undersøke korrelasjonar eller statistiske samanhengar kan ein avsløre kausalitet. Korleis veit vi så at ei årsak frambringer verknaden vi trur? Er det observerte fenomenet produsert av den årsaka vi

trur, eller av tilfeldigheter? Ringdal (2013) peiker på at ein robust samanheng mellom årsak og verknad betyr at den empiriske samanhengen mellom X og Y ikkje kan skuldast at ein tredje variabel Z er årsak til dei to andre.

Dersom det er korrelasjon mellom A og B, må vi også utelukka at det ikkje er ein annan faktor, C som er årsak til B, og som dessutan er korrelert med A. Då kan me ikkje konkludere med at det er eit årsaksforhold mellom A og B, men at det er ein spuriøs korrelasjon eller ein konfunderande faktor.

Kontrollvariabelmetoden gjer det mogleg å kontrollere for moglege bakenforliggende faktorar ved hjelp av statistiske metodar. Ein kan samanlikne undergrupper av observasjonseiningar som er så like som mogleg med hensyn til konfunderande variablar. Ei svakheit ved denne metoden er at ein kan oversjå konfunderande faktorar. Det kan vere kausalrelasjonar mellom A og B og ein bakenforliggende faktor, C, som påverker både A og B, og i så fall er samanhengen mellom A og B konfundert (Skog 2004).

3.4 Kjenneteikn ved variablane

3.4.1 Tillit til andre

I datasettet frå ESS er variabelen ”Dei fleste menneske er til å stole på eller ein kan ikkje vere for forsiktig” eit mål på generell tillit til andre menneske. Responskategoriene strekker seg frå 0 til 10, der 0 er eit uttrykk for «ein kan ikkje vere for forsiktig» og 10 uttrykk for «dei fleste menneske er til stole på». Målenivået i den avhengige variabelen er på ordinalnivå. Det var ein manglande respondent i denne variabelen, ein prosentandel på 0,1 prosent. Dette utgjorde 1435 valide observasjonar.

3.4.2 Kjønn

Datasettet frå ESS innehaldt informasjon om kjønn hjå respondentane. Variabelen vart nytta i si opprinnelege form. Kjønn var kjent hos alle respondentane. Verdiane i denne variabelen var koda som 1 - mann og 2 - kvinne.

3.4.3 Alder

Datasettet frå ESS innehaldt også informasjon om kalkulert alder på intervjutidspunktet. Alder var kjent hos alle respondentane. Aldersvariabelen vart nytta i si opprinnelege form.

3.4.4 Utdanningsnivå

ESS gjev også opplysingar om høgaste fullførte utdanning hjå respondentane. Utdanningsvariabelen til ESS inneheldt i alt 14 ulike responskategoriar. Det vart difor vurdert som naudsynt å redusere denne variabelen til ein meir handterlig storleik. Det ville dessutan ikkje gje meining å setje variabelen rett inn i regresjonsmodellane. Variabelen er på nominalnivå og avstanden mellom verdiane er ikkje like, det ville derfor ha bydd på tolkingsproblem å bruke variabelen i opprinneleg form. Responskategoriane i den opprinnelege variabelen var følgande:

- 1 Ingen fullført utdanning
- 2 Barneskole
- 3 Ungdomsskole (grunnskole, 7-årig folkeskole, framhaldsskole)
- 4 Vitnemål frå folkehøgskole
- 5 Vidaregåande avsluttande utdanning, allmennfagleg studieretning
- 6 Vidaregåande studieretning, yrkesfagleg studieretning
- 7 Forkurs til universitet/høgskole som ikkje gjev studiepoeng
- 8 Vitnemål frå påbygging til vidaregåande utdanning (fagskole)
- 9 Universitet/høgskole, mindre enn tre år (høgskolekandidat)
- 10 Fullført 3 - 4 årig høgskoleutdanning (bachelor, cand. mag., lærar)
- 11 Fullført 3 – 4 årig universitetsutdanning (bachelor, cand. mag.)
- 12 Fullført 5 – 6 årig høgskoleutdanning (master, hovedfag)
- 13 Fullført 5 – 6 årig universitetsutdanning, profesjon
- 14 Forskernivå (doktorgrad, Ph.d.)

Variabelen vart omkoda til tre utdanningsnivå; grunnskole, vidaregåande skole og universitet/høgskole. Kategori 1 – 4 fekk verdien 1: grunnskole. Kategori 5 – 8 fekk verdien 2: vidaregåande skole og kategori 9 – 14 fekk verdien 3: universitet/høgskole.

3.4.5 Inntektskjelde

Datasettet inneheld også opplysningar om respondentane sine inntektskjelder.

Responskategoriane i denne variabelen var ”1 – Løn, 2 – Inntekt frå sjølvstendig næringsverksemd (gardsdrift ekskludert), 3 – Inntekt frå gardsdrift, 4 – Pensjonar, 5 – Arbeidsledighets- eller permitteringsstønad, 6 – Andre sosiale stønader eller fond, 7 – Inntekt frå investeringar, sparepengar, etc. og 8 – Inntekt frå andre kjelder”. Variabelen er på nominalnivå. Variabelen vart omkoda, og kategoriane 1-3 vart slått saman til ”Løsinntekt” og gitt verdien 1. Kategoriane 4 – 6 vart slått saman til ”Trygd” og gitt verdien 2. Kategori 7 og 8 vart slått saman til ”Andre” og gitt verdien 3.

3.4.6 Kjensle av tilstrekkelig inntekt

Eitt av spørsmåla i ESS er «kjensle over hushaldet si noverande inntekt», og viser det subjektive aspektet ved inntekt. Ved å bruke eit subjektivt mål på inntekt kan ein få greie på den relative økonomiske statusen; korleis respondentane opplever hushaldet si inntekt samanlikna med andre. Variabelen er på ordinalnivå. Responskategoriane gjekk frå ”1 – Lever godt av noverande inntekt”, ”2 – Klarer seg på noverande inntekt”, ”3 – Vanskeleg med noverande inntekt” til ”4 – Svært vanskeleg med noverande inntekt”. Variabelen vart koda positivt slik at slik at høg skår betyr høg sosioøkonomisk status og vice versa, og variabelen vart kalla «Kjensle av tilstrekkelig inntekt» og vart dikotomisert. Den første kategorien besto av alle som hadde svart 1 og 2, denne vart gitt verdien 0 og kalla «utilstrekkelig inntekt». Den andre kategorien vart kalla «tilstrekkelig inntekt» og gitt verdien 1. Alle som hadde svara 3 eller 4 fall inn i denne kategorien.

3.4.7 Haldningar til likheit

ESS si spørjeundersøking kartlegger også folk sine haldningar i bolken som handlar om menneskelege verdiar. Eitt av spørsmåla handlar om folk sine haldningar til likheit, og beskriver haldningar hos ein hypotetisk person overfor respondenten. Respondenten skal så svare på om denne personen liknar på seg sjølv i større eller mindre grad. Spørsmåla handlar om det er viktig at alle folk blir behandla likt, og om det er viktig at alle skal ha like

moglegheiter. Responskategoriane går frå 1 til 6, der 1 står for ”Svært likt meg” og 6 står for ”Ikkje likt meg i det heile”.

Variabelen er på ordinalnivå. Den vart dikotomisert ved å omkode til to kategoriar, der respondentane som hadde svart 1, 2 og 3, at likheit var viktig, fekk verdien 1. Respondentane som svarte 4, 5 og 6, at likheit var mindre viktig, fekk verdien 0.

3.4.8 Sosialt nettverk

Som mål på kvaliteten av og storleiken på respondentane sitt nettverk, vart variabelen «Kor mange kan drøfte personlege og intime saker med» i bolken «Subjektivt velvære, sosial eksklusjon, religion, nasjonal og etnisk identitet» nytta. Svaralternativa strakk seg frå «0 – Ingen, 1 – 1, 2 – 2, 3 – 3, 4 – 4-6, 5 – 7-9» til «6 – 10 eller fleire». Variabelen er på ordinalnivå. Denne variabelen vart også omkoda, slik at respondentane som oppga at dei hadde tre eller færre i nettverket fekk verdien 0, medan respondentane som oppga at dei hadde fire eller fleire fekk verdien 1. Verdiane 0 – 3 og verdiane 4 – 6 i den opprinnelege variabelen vart slått saman til henholdsvis «Lite nettverk» og «Stort nettverk».

3.4.9 Hyppigheit av sosial kontakt

Som mål på frekvens av sosial kontakt vart variabelen «Kor ofte møtes du sosialt med vener, slektningar eller kollegaer» i bolken «Subjektivt velvære, sosial eksklusjon, religion, nasjonal og etnisk identitet» nytta. Responskategoriane strakk seg frå «1 – Aldri, 2 – Mindre enn ein gong i månaden, 3 – Ein gong i månaden, 4 – Fleire gongar i månaden, 5 – Ein gong i veka, 6 – Fleire gongar i veka» til «7 – Kvar dag». Denne variabelen er også på ordinalnivå.

Variabelen vart omkoda, slik at respondentane som hadde svart at dei hadde kontakt på månadsbasis fekk verdien 0, medan respondentane som svarte at dei hadde kontakt på vekesbasis eller kvar dag fekk verdien 1. Verdiane 1-4 og verdiane 5-7 i den opprinnelege variabelen vart slått saman til henholdsvis «Lite kontakt» og «Mykje kontakt».

3.4.10 Deltaking i sosiale aktivitetar

Som mål på om ein deltar i sosiale aktivitetar, vart variabelen «Deltar i sosiale aktivitetar samanlikna med andre på same alder» nytta. Svaralternativa gjekk frå «1 – Mykje mindre enn dei fleste, 2 – Mindre enn dei fleste, 3 – Omtrent likt, 4 – Meir enn dei fleste» til «5 – Mykje meir enn dei fleste». Denne variabelen er også på ordinalnivå, og vart også dikotomisert. Verdiane 1 og 2 vart slått saman til "Deltar lite" og koda til 0. Verdiane 3, 4 og 5 vart slått saman til "Deltar mykje" og koda til 1.

3.5 *Etikk i forskning*

Forsking skal alltid respektere forskingsdeltakaren sin autonomi, integritet, fridom og sjølvbestemming. Dette går fram av "Forskingsetiske retningslinjer for samfunnsvitenskap. humaniora, juss og teologi", utgjeven av Dei nasjonale forskingsetiske komiteane (2017). ESS anvender strenge etiske prinsipp i datainnsamling, og medbestemming og personvern skal takast omsyn til gjennom utvalgsprosessen og i datainnsamlinga.

Som deltakar i eit forskingsprosjekt skal ein få informasjon om formålet med forskinga, om finansiering, kven som får tilgang til forskingsresultata og om følgene ved å delta.

Personopplysingar skal handsamast med omsyn, og det skal innhentast medhald frå deltakarane. Personopplysningar og informasjon om personlege tilhøve er konfidensielle opplysingar og i formidling av forskingsresultata må slike opplysingar vere anonymiserte.

4. RESULTAT

I dette kapitlet vil dei deskriptive funna bli presenterte. Kjenneteikna ved variablane vil bli nærare presenterte og frekvensfordeling for variablane vil bli presenterte. Det vil bli foretatt korrelasjonsanalyse og multippel regresjonsanalyse for å analysere samanhengen mellom avhengig og uavhengige variablar.

4.1 *Deskriptive funn*

4.1.1 **Tillit til andre**

Fordelinga vart vurdert før analysene vart gjort. Gjennomsnittet var 6,62, og standardavvik var 1,772, slik det framgår i den grafiske framstillinga av fordelinga nedenfor. Den avhengige variabelen i analysa måler sosial tillit. Frekvensfordeling som er vist i figur 1, viser at det er sett under eitt må det seiast å vere høg sosial tillit i befolkninga, noko som også er i tråd med tidlegare forskning på sosial tillit i Norge. Gjennomsnitt av sosial tillit er 6,62 på skalaen frå 0-10. Dei fleste respondentane oppga verdien 7 på skalaen, som også var medianen. Det var nesten like mange som oppgav 8 på skalaen, etterfulgt av 5 og deretter 6. Det var under 100 respondentar som oppgav 9 og under 50 som oppgav 10, den høgaste verdien på skalaen. På den andre sida var det nesten ingen som oppgav verdiane 0, 1 og 2, medan nokre fleire oppgav verdiane 3 og 4. 852 respondentar, eller 60 prosent, oppgav 7 eller høgare på spørsmålet om tillit til andre.

4.1.2 **Kjønn**

Utvalet besto av 672 kvinner (46,8 prosent) og 764 menn (53,2 prosent). Korrelasjonstest viste at det ikkje var signifikant samheng mellom kjønn og tillit til andre (Pearson $r=.015$, $p=.567$).

4.1.3 Alder

Alderen til respondentane i utvalet strakk seg frå 15 til 104 år. Gjennomsnittsalderen i utvalet var 47 år. Korrelasjonstest viste ein positiv korrelasjon mellom alder og tillit til andre, der tillit aukar med alderen. (Pearson $r=.085$, $p=.001$).

4.1.4 Utdanningsnivå

Det var 281 som hadde fullført grunnskole (19,6 prosent), 550 hadde fullført vidaregåande skole (38,4 prosent) og 600 hadde fullført høgare utdanning på universitets- eller høgskolenivå (41,9 prosent). Korrelasjonstest viste positiv samanheng mellom utdanningsnivå og tillit til andre. (Pearson $r=.179$, $p=.000$).

4.1.5 Inntektskjelde

Dei fleste av respondentane hadde lønsinntekt som inntektskjelde, 1060 respondentar eller 74 prosent. Det var 325 respondentar (22,7 prosent) som oppga trygd som inntektskjelde, og 48 respondentar (3,3 prosent) oppga andre inntektskjelder (tabell 7). Korrelasjonstest viste ein negativ korrelasjon mellom inntektskjelde og tillit til andre (Pearson $r = -.067$, $p = .011$). Dette betyr høge verdiar på variabelen som måler tillit til andre samvarierer med lave verdiar på variabelen inntektskjelde, og tyder på at det er ein samanheng mellom høg tillit og lønsinntekt.

4.1.6 Kjensle av tilstrekkelig inntekt

Majoriteten av respondentane rapporterte at dei hadde tilstrekkelig inntekt, 1332 respondentar i utvalet eller 93 prosent. Berre 7 prosent, 100 respondentar, oppgav at dei opplevde å ha inntekt som ikkje strakk til. Det var fire respondentar som mangla i utvalet, ein prosentandel på 0,3 prosent (tabell 8). Korrelasjonstest viste at det var positiv korrelasjon mellom inntektskjelde og tillit til andre (Pearson $r=.123$, $p=.000$).

4.1.7 Haldningar til likheit

Det var 1263 respondentar som meinte at likheit er viktig, eller 88,5 prosent. 164 meinte at likheit ikkje var viktig, eller 11,5 prosent. Korrelasjonstest viste positiv korrelasjon mellom haldning til likheit og tillit til andre (Pearson $r=.092$, $p=.001$).

4.1.8 Nettverk

Av 1436 respondentar var det 825 som rapporterte at dei hadde eit lite nettverk, dette utgjorde 57,5 prosent av utvalet. 611 respondentar svarte at dei hadde eit stort nettverk (42,5 prosent). Det var ingen manglande data i denne variabelen (tabell 10). Korrelasjonstest viste positiv korrelasjon mellom størrelse på nettverk og tillit til andre (Pearson $r=.083$, $p=.002$).


4.1.9 Sosial kontakt

Dei fleste oppgav å ha mykje sosial kontakt. Det var 1019 respondentar, 71 prosent som oppgav å ha mykje sosial kontakt, medan 417 respondentar eller 29 prosent oppgav å ha lite sosial kontakt. Det var ingen manglande data i denne variabelen (tabell 9). Korrelasjonstest viste ein positiv korrelasjon mellom frekvens av sosial kontakt og tillit til andre (Pearson $r=.067$, $p=.011$).


4.1.10 Sosial aktivitet

1028 respondentar svarte at dei deltok mykje i sosiale aktivitetar samanlikna med andre på deira alder, ein prosentandel på 71,7 prosent. 406 svarte at dei deltok lite, eller 28,3 prosent. Det var 1434 respondentar i denne variabelen, to respondentar som utgjorde 0,1 prosent. Korrelasjonstest viste positiv korrelasjon mellom deltaking i sosiale aktivitetar og tillit til andre (Pearson $r=.117$, $p=.000$).

Figur 1. Tillit på ein skala frå 0 til 10 i Norge, basert på om ein meiner at folk flest er til å stole på (10) eller at ein ikkje kan vere for forsiktig (0).



Figur 2. Frekvensfordeling av alder



Tabell 1. Frekvensfordeling, Kjønn

N=1436

Kjønn	Frekvens	Prosent
Kvinner	672	46,8
Menn	764	53,2
Totalt	1436	100

Tabell 2. Frekvensfordeling, Utdanningsnivå

N=1431

Utdanningsnivå	Frekvens	Prosent
Grunnskole	281	19,6
Vidaregåande skole	550	38,4
Høgare utdanning	600	41,9
Totalt	1431	100

Tabell 3. Frekvensfordeling, Inntektskjelde

N=1433

Inntektskjelde	Frekvens	Prosent
Lønsinntekt	1060	74,0
Trygd	325	22,7
Andre inntektskjelder	48	3,3
Totalt	1433	100

Tabell 4. Frekvensfordeling, Kjensle av tilstrekkelig inntekt

N=1432

Kjensle av tilstrekkelig inntekt	Frekvens	Prosent
Utilstrekkelig inntekt	100	7,0
Tilstrekkelig inntekt	1332	93,0
Totalt	1436	100

Tabell 5. Frekvensfordeling, Viktig med likheit

N=1427

Haldningar til likheit	Frekvens	Prosent
Likheit er ikkje viktig	164	11,5
Likheit er viktig	1263	88,5
Totalt	1427	100

Tabell 6. Frekvensfordeling, Sosialt nettverk

N=1436

Storleik på nettverk	Frekvens	Prosent
Lite nettverk	825	57,5
Stort nettverk	611	42,5
Totalt	1436	100

Tabell 7. Frekvensfordeling, Sosial kontakt

N=1436

Hyppigheit av sosial kontakt	Frekvens	Prosent
Lite kontakt	417	29,0
Mykje kontakt	1019	71,0
Totalt	1436	100

Tabell 8. Frekvensfordeling, Deltar i sosiale aktivitetar

N=1434

Deltaking i sosiale aktivitetar	Frekvens	Prosent
Deltar lite	406	28,3
Deltar mykje	1028	71,7
Totalt	1434	100

Tabell 9. Korrelasjon mellom variablane (Pearsons r)

	1	2	3	4	5	6	7	8	9	10
Tillit til andre	1									
Kjønn	,015	1								
Alder	,085**	,030	1							
Utdanningsnivå	,179**	,031	,029	1						
Inntektskjelde	-,067*	,058*	,312**	-,182**	1					
Tilstrekkelig inntekt	,123**	-,056*	,116**	,067*	-,233**	1				
Likheit	,092**	,034	-,027	,011	,039	,015	1			
Sosial kontakt	,067*	,025	-,182**	-,013	,030	,011	-,023	1		
Nettverk	,083**	,088**	-,209**	,091**	-,073**	-,024	,074**	,172**	1	
Sosial aktivitet	,117**	,034	-,008	,056*	-,032	,092**	,023	,259**	,178**	1

** Korrelasjon er signifikant på 0.01-nivå

* Korrelasjon er signifikant på 0.05-nivå

4.2 Lineær regresjon

Dei uavhengige variablane vart stegvis sett inn i ein multipel regresjonsmodell, som er å finne i tabell 10. Regresjonsmodellane er bygd opp etter hypotesene om samanhengar som vart presenterte i kapittel 2.5.

Modell 1 målte kjønn og alder som uavhengige variablar. Konstanten predikerer at menn på 0 år vil oppgje 6,220 på tillitsvariabelen. Regresjonskoeffisienten B viser at for kvart år ein blir eldre vil tillita auke med ,008. Betaverdien viser ,082, slik at det er mindre skilnad mellom aldersvariabelen og dei andre variablane enn den ustandardiserte koeffisienten gjev uttrykk for. Kjønnsvariabelen er ikkje signifikant med p-verdi på ,967. P-verdi for aldersvariabelen er ,002 og er såleis signifikant. Nullhypotesa kan dermed forkastast, då det er samanheng mellom alder og tillit til andre. Justert R^2 viser at 0,5 prosent av variasjonen i tillit skuldast kjønn og alder. Sidan kjønnsvariabelen ikkje er signifikant, er det aldersvariabelen som forklarar variasjonen i tillit. Modellen har lav forklaringskraft, noko som også kan sjåast på konstantleddet som ligg nært opp til gjennomsnittet på 6,62 i tillitsnivå.

Modell 2 målte kjønn, alder, utdanningsnivå, inntektskjelde og kjensle av tilstrekkelig inntekt som uavhengige variablar. Regresjonskoeffisienten for alder søkk marginalt når dei andre

variablane blir introduserte. Regresjonskoeffisienten for utdanningsnivå er ,390 og Konstanten predikerer at menn på 0 år utan utdanning og inntekt vil ha 4,886 på tillitsskalaen, men at tillita aukar med ,390 for kvart steg oppover i utdanningsnivå mellom grunnskule, vidaregåande og høgskole/universitet. Betaverdien er ,166 og variabelen har ei viss forklaringskraft. Regresjonskoeffisienten for inntektskjelde er -,137, som betyr at tillit til andre synker for kvar kategori av inntektskjelde, slik at dei med trygd og med andre inntektskjelder har lavare tillit enn dei med lønsinntekt. Variabelen er imidlertid ikkje signifikant med p-verdi på ,162.

Variabelen som måler kjensle av tilstrekkelig inntekt har signifikant samanheng med tillit, og har ein regresjonskoeffisient på ,696, som predikerer at dei med tilstrekkelig inntekt vil ha ,696 meir tillit til andre enn dei som ikkje føler at dei har tilstrekkelig inntekt. Modellen forklarar 4,9 prosent av variasjonen i tillit til andre.

Modell 3 målte kjønn, alder, utdanningsnivå, inntektskjelde, kjensle av tilstrekkelig inntekt og viktighet av likheit som uavhengige variablar. Regresjonskoeffisienten for utdanningsnivå og kjensle av tilstrekkeleg inntekt går litt attende. Variabelen viktighet av likheit som blir introdusert i denne modellen har regresjonskoeffisienten ,506. Dei som synes at det å bli behandla likt og at folk skal ha like moglegheiter er viktig, vil ha ,506 meir i tillit enn dei som ikkje tykkjer at dette er viktig når dei andre variablane blir haldt konstante. Variablane for kjønn og inntektskjelde er heller ikkje i denne modellen signifikante, medan dei øvrige variablane er signifikante på ,01-nivå. Modellen forklarar 5,7 prosent av variasjonen i tillit.

Modell 4 målte kjønn, alder, utdanningsnivå, inntektskjelde, kjensle av tilstrekkelig inntekt, viktighet av likheit, størrelse på nettverk og hyppigheit av sosial kontakt som uavhengige variablar. Regresjonskoeffisienten for likheit og alder endrar seg i positiv favør, medan dei andre koeffisientane synk når hyppigheit av sosial kontakt blir introdusert. Koeffisienten for sosial kontakt er på ,292. Dei som ofte har sosial kontakt med familie, vener og kollegaer har meir tillit enn dei som har sjeldnare sosial kontakt. Også i denne modellen er alle variablane bortsett frå variablane for kjønn og inntektskjelde signifikante på ,01-nivå. Det kan imidlertid vere interessant å merke seg at p-verdien for inntektskjelde i denne modellen er ,054, som ligg nært opp til eit signifikansmål på ,05. Det kan likevel ikkje seiast med 95 prosent sannsynlegheit at det er samanheng mellom inntektskjelde og tillit og nullhypotesa må behaldast også i denne modellen. Modellen forklarar 6,8 prosent av variasjonen i tillit.

Modell 5 målte kjønn, alder, utdanningsnivå, inntektskjelde, kjensle av tilstrekkelig inntekt, viktighet av likheit, størrelse på nettverk, hyppighet av sosial kontakt og deltaking i sosiale aktiviteter som uavhengige variabler. Samtlege regresjonskoeffisientar gjekk tilbake når deltaking i sosiale aktiviteter vart introdusert, bortsett frå koeffisienten for alder som var den same som i førre modell. Koeffisienten for sosial aktivitet var ,272. Det var signifikant samanheng på ,05-nivå for alle variablane bortsett frå kjønn og inntektskjelde, og modellen forklarte 7,1 prosent av variasjonen i tillit.

Tabell 10. Lineær regresjon. Avhengig variabel: Tillit til andre. N=1435.

		B	Beta	p	Justert R ²
Modell 1	Konstant	6,220			,005
	Kjønn	,023	,006	,808	
	Alder	,008	,082	,002	
Modell 2	Konstant	4,886			,049
	Kjønn	,034	,010	,714	
	Alder	,007	,077	,006	
	Utdanningsnivå	,390	,166	,000	
	Inntektskjelde	-,137	-,041	,162	
	Tilstrekkeleg inntekt	,696	,100	,000	
Modell 3	Konstant	4,488			,057
	Kjønn	,024	,007	,797	
	Alder	,008	,082	,003	
	Utdanningsnivå	,386	,164	,000	
	Inntektskjelde	-,157	-,046	,108	
	Tilstrekkeleg inntekt	,672	,096	,000	
	Likheit	,506	,091	,000	
Modell 4	Konstant	4,187			,068
	Kjønn	-,007	-,002	,940	
	Alder	,011	,116	,000	
	Utdanningsnivå	,366	,156	,000	
	Inntektskjelde	-,188	-,056	,054	
	Tilstrekkeleg inntekt	,636	,091	,001	
	Likheit	,495	,089	,001	
	Nettverk	,273	,076	,005	
	Sosial kontakt	,292	,075	,005	
Modell 5	Konstant	4,123			,071
	Kjønn	-,011	-,003	,903	
	Alder	,011	,112	,000	
	Utdanningsnivå	,361	,154	,000	
	Inntektskjelde	-,181	-,054	,063	
	Tilstrekkeleg inntekt	,598	,086	,002	
	Likheit	,489	,088	,001	
	Nettverk	,238	,067	,014	
	Sosial kontakt	,226	,058	,034	
	Sosial aktivitet	,272	,069	,011	

5. DRØFTING

5.1 *Drøfting av resultata*

Så langt har det blitt presentert ulike teoretiske perspektiv om tillit og sosial kapital. Det har blitt framsatt fem hypoteser om samanhengar mellom lav sosial tillit og undersøkt korleis ni ulike variablar kan påverke tillit til andre menneske; kjønn, alder, utdanningsnivå, inntektskjelde, kjensle av tilstrekkelig inntekt, haldningar til likheit, størrelse på sosialt nettverk, kor ofte ein møter andre menneske i sosiale samanhengar og deltaking i sosial aktivitet.

Regresjonsmodellane viste at det ikkje var signifikant samanheng mellom tillit til andre, kjønn og inntektskjelde. Det er ingen skilnad på menn og kvinner, og det er ingen skilnad på om ein er i arbeid, mottar trygd eller har andre inntektskjelder.

Utdanningsnivå og alder er dei variablane som har størst forklaringskraft når det gjeld å predikere tillit. Kjensle av tilstrekkelig inntekt, haldningar til likheit, størrelse på sosialt nettverk, kor ofte ein møter andre menneske i sosiale samanhengar og deltaking i sosial aktivitet var alle signifikante, men styrken på samanhengen var svak.

5.1.1 **Kan kjønn og alder forklare variasjon i sosial tillit?**

Frekvensfordeling viste ei nokså lik fordeling i utvalet mellom kvinner og menn, men med ei svak overvekt av menn. Korrelasjonstest viste ingen signifikant samanheng mellom kjønn og sosial tillit. Når kjønnsvariabelen likevel vart inkludert i regresjonen, var det med utgangspunkt i at tidlegare studier har vist at kvinner har høgare tillit til andre enn menn (Vrålstad 2012, Barstad og Sandvik 2015). Det var imidlertid ingen samanheng mellom variablane kjønn og sosial tillit i den lineære regresjonen. Andre studier har også vist at det ikkje er skilnad på menn og kvinner når det kjem til tillit til andre (Slagsvold og Van der Wel 2006).

Det var samanheng mellom alder og tillit til andre. Korrelasjonstest viste positiv korrelasjon mellom alder og tillit til andre. I den lineære regresjonen var det også samanheng mellom alder og tillit til andre, der resultata viser at ein blir meir tillitsfull med alderen.

Det er vanleg å snakke om ein alderseffekt eller livsfaseeffekt i samband med tillit. Unge har stort sett mindre tillit enn eldre, og tillita aukar med alderen. Unge er meir avventande enn eldre, men tillitsnivået stig med aukande erfaring og modenheit. Dette er eit vanleg funn i studier av tillit (Wollebæk 2011). Grunnleggande verdiorienteringar som generalisert tillit eller tillit til andre, vert forma i ung alder og held seg nokså stabile gjennom heile livet (Stolle og Hooghe 2004, i Wollebæk 2011). Samstundes samvarierer alderseffekten på tillit med utdanningsnivå. Det blir gjort nærare reie for dette i neste avsnitt.

Det var altså ingen samanheng mellom kjønn og sosial tillit. Det var samanheng mellom alder og sosial tillit, der høgare alder var assosiert med høgare sosial tillit. Dette er i tråd med alderseffekten som ein har sett i andre studier av tillit. Samstundes har enkelte studier også vist motsatte samanhengar (Rothstein og Stolle 2003).

5.1.2 Kan sosioøkonomiske skilnader forklare variasjon i sosial tillit?

I regresjonen kjem det fram at utdanning har ein effekt på tillit til andre. Den standardiserte regresjonskoeffisienten viser at det er utdanningsnivå som har den sterkaste effekten på tillit. Dei med høgare utdanning har høgare tillit enn dei med vidaregåande, som også har tilsvarande høgare tillit i høve til dei med grunnskule. Effekten synker imidlertid etter kvart som ein kontrollerer for dei andre variablane i regresjonen.

Sztompka (1999) meiner at eit høgt utdanningsnivå er naudsynt for å motverke blind, naiv tillit på den eine sida og mistillit på de andre sida. Utdanning må sjåast som eit kjerneelement i den opplyste borgaren, og han meiner at utdanning opnar opp sosiale horisontar og verkar kontaktskapande.

Wollebæk (2011) viser til at det er ei veletablert empirisk kopling mellom tillit og utdanning. I perioden 1999 til 2009 var det ein kraftig auke i utdanningsnivået i heile Europa, og den største auken var i dei nordiske landa. Det gjev seg også utslag i utvalet i denne oppgåva, der flesteparten har høgare utdanning; 41,9 prosent har høgare utdanning, mot 38,4 prosent som har vidaregåande skule. Berre 19,6 prosent har ingen utdanning ut over grunnskule.

Blant ungdomar i heile Europa som ikkje tar utdanning ut over grunnskulenivå er det ingen auke i tillitsnivået med alderen. Blant dei som tar høgare utdanning, er det klar auke i alle dei europeiske regionane. I Norden gjelder dette også dei som fullfører vidaregåande skule. Her

var det også ein kraftig auke i tillitsnivået som ein ikkje ser i resten av Europa. Det var langt fleire som tok høgare utdanning, samstundes som andelen av dei med ufullført vidaregåande utdanning sank. Alder for fullført utdanning auka med 2,5 år i Norden i løpet av denne perioden. Nivået av den generaliserte tillita, eller tillit til andre, har også auka. Den største auken i tillitsnivået i Norge er imidlertid blant dei med grunnskule som høgaste utdanning. Tillit blant dei med vidaregåande har også auka noko, men tillita har auka i minst grad blant dei med høgare utdanning. Det generelle utdanningsnivået har auka i løpet av perioden, i den forstand at fleire har tatt høgare utdanning, men også at tillitsnivået blant dei grunnskuleutdanna har auka. Dette kan forklarast med at effekten av utdanning kan verke sjølvforsterkande; dersom folk veit at høgare utdanningsnivå gjer at andre blir meir tillitsfulle, vil det vere eit mindre tillitssprang å stole på andre i eit samfunn med høgt utdanningsnivå (Helliwell og Putnam 1999, i Wollebæk 2009).

Når det gjeld inntektskjelde, så viste korrelasjonstest at det var samheng mellom inntektskjelde og tillit til andre, der lønnsinntekt korrelerte med høg tillit. Dei fleste av respondentane i utvalet, om lag tre fjerdedeler, hadde inntekt i form av lønsinntekt, anten av løna arbeid, som sjølvstendig næringsdrivande eller gardsdrift, medan litt over tjue prosent mottok trygdeytningar og berre snaut tre prosent hadde andre inntektskjelder. Regresjonen viser at dei med lønsinntekt har høgare tillit enn dei med trygd eller andre inntektskjelder, når ein kontrollerer for kjønn, alder og utdanningsnivå, men denne samheng er ikkje signifikant.

Tidlegare studier av sosial kapital blant langtidsmottakarar av sosialhjelp har vist at å stå utanfor arbeidslivet har samheng med lav sosial kapital (Slagsvold og Van der Wel 2006). Dersom ein innehar mykje brubyggande sosial kapital, det vil seie at ein kjenner mange og har eit stort nettverk, har ein større moglegheiter for å få arbeid. Det handlar både om å «lytte til jungeltelegrafene» for å ta til seg rykter om arbeid, samstundes som eit stort nettverk også gjev tilgang til referansar og at andre kan tilrå ein som arbeidskraft på bakgrunn av eigenskapane som ein besitter. Samstundes viser det seg at også blant sosialhjelpsmottakarane har tidlegare arbeidserfaring effekt på tillitsnivået. Dei sosialhjelpsmottakarane som ikkje hadde vore i arbeid dei siste fem åra hadde nesten dobbelt så stor sjanse for å rapportere lav tillit til andre, samanlikna med dei som hadde vore i arbeid i løpet av dei siste fem åra (Slagsvold og Van der Wel 2006).

I ei studie som samanlikna nivå av sosial tillit i Sør-Afrika, Spania, Sverige og USA, fann Holmberg og Rothstein (2017) at arbeidsledige hadde markant lavare nivå av sosial tillit enn gjennomsnittet. Dei meiner at dette er problematisk ut frå eit normativt synspunkt, sidan grupper med behov for bistand burde ideelt sett hatt *sterkare* sosial tillit. Det er bekymringsfullt dersom det er slik at sårbare grupper har lavare tillit til andre enn resten av befolkninga. Dersom ein er i ein marginalisert posisjon, eller står i fare for å bli det som i dømet med arbeidsledige, skulle ein tru at ein bridging-mekanisme hadde slått inn, ved at ein i større grad ville benytte seg av «styrken i dei svake bånd» og fått tilgang til dei ressursane som ligg i nettverket. Empirien i studia til Holmberg og Rothstein (2017) tyder på at det ikkje er tilfelle.

Rothstein og Uslaner (2006) viser til at i USA er det støtte for hypotesa om at folk som mottar behovsprøvde ytelsar har mindre tillit til andre enn den øvrige befolkninga. Dette blir forklart med at mottakarar av desse ytelsane blir gjenstand for inngåande vurderingar av personleg art, dei blir stilt invaderande spørsmål av byråkratar som kan krenke integriteten deira. Rothstein og Stolle (2003) har vist at dei som mottar sosialhjelp og uføretrygd i Sverige, har mykje lavare sosial tillit enn resten av befolkninga. Kontrollert for utdanningsnivå, sosial klasse, inntekt, aktivitet i sivilsamfunnet, politisk interesse, generell lykke, politisk ideologi og arbeidsmarknadsstatus, viste kontakten med behovsprøvande velferdsinstitusjonar seg å ha statistisk signifikant effekt i negativ retning på sosial tillit. Kontakten med behovsprøvande institusjonar reduserer ikkje berre systemtillita, men også tillita til andre menneske.

Det ikkje mogleg å påvise ein liknande effekt ut frå utvalet som er brukt i denne oppgåva, då variabelen som måler inntektskjelde har blitt omkoda ved å slå saman ulike kategoriar av inntektskjelder. Det vart gjort for å håndtere materialet betre, men samstundes sit ein att med eit meir grovkorna mål på inntektskjelde som fortel mindre om utvalet enn den opprinnelege variabelen gjorde,. Dette er ei ulempe. Regresjonen viser at dei med inntekt frå løna arbeid, som er sjølvstendig næringsdrivande og dei som har inntekt frå gardsdrift, har høgare tillit enn dei to andre kategoriane. Dei som har pensjonar, har arbeidsledighetstrygd eller er permittert, eller har inntekt frå andre sosiale stønader eller fond har mindre tillit enn den første kategorien, men har samstundes høgare tillit enn dei som har inntekt frå investeringar, sparepengar og andre inntektskjelder. At dei som lever av andre inntektskjelder, investeringar eller sparepengar har lavast tillit til andre, er verken intuitivt eller sjølvforklarande. Tvert imot skulle ein tru at dei som lever av kapitalinntekter ville hatt høg tillit til andre. Samstundes viser frekvensfordelinga at dette gjelder eit lite antal respondentar i utvalet, berre

3,3 prosent. Det heftar også noko usikkerheit over resultatane når samanhengen mellom variablane er svak.

Kjensle av tilstrekkelig inntekt har også samanheng med tillit. Samanhengen er signifikant, også når det vert kontrollert for dei andre variablane. Samstundes viser frekvensfordeling at dei aller fleste i utvalet, 93 prosent, oppga at dei følte at hushaldet si samla inntekt var tilstrekkelig. Berre 7 prosent sa at dei opplevde å ha inntekt som ikkje strakk til. Dette er også i tråd med studia til Barstad og Sandvik (2015), der dei fann at lavare sosioøkonomisk status heng saman med lavare tillit, men at tillitsnivået stig i takt med i takt med utdanningsnivå og hushaldningsinntekt. Ved å bruke eit slikt subjektivt mål på inntekt kan ein få greie på den relative økonomiske statusen; korleis respondentane opplever inntekta si samanlikna med andre. Dei som føler at dei har tilstrekkelig inntekt har meir tillit enn dei som føler at dei ikkje har tilstrekkelig inntekt. Kvifor har kjensle av tilstrekkelig inntekt samanheng med tillit? Ein må anta at dei som seier at dei ikkje har tilstrekkeleg inntekt, opplever i større eller mindre grad å vere sosialt ekskludert. Den sosiale eksklusjonen handlar i stor grad om å ikkje ha midlar til å oppretthalde eit normalt forbruk. Det er dette som er relativ fattigdom; å leve under fattigdomsterskelen der ein ikkje har naudsynete midlar til å leve eit anstendig liv samanlikna med andre rundt seg.

Sosial ulikheit vart altså operasjonalisert som ulikheit i utdanning, inntektskjelde og kjensle av tilstrekkelig inntekt. Høgare og vidaregåande utdanning hadde effekt på sosial tillit. Sett i høve til dei som ikkje hadde utdanning ut over grunnskule, hadde dei med høgare utdanning og vidaregåande utdanning meir sosial tillit. Dei med lønsinntekt som hovudinntektskjelde hadde meir sosial tillit enn dei med trygd eller andre inntektskjelder. Dei som opplevde at inntekta ikkje strakk til, hadde lavare sosial tillit enn dei som følte at dei hadde tilstrekkelig inntekt.

5.1.3 Kan verdiorientering forklare variasjon i sosial tillit?

Folk sine haldningar til likheit ser også ut til å ha effekt på tillit. Variabelen som måler haldningar til likheit i denne oppgåva undersøker om folk tykkjer det er viktig at ein blir behandla likt, og om det er viktig med likheit i moglegheiter. Kontrollert for dei andre variablane, har haldningar til likheit ein eigen effekt. Samanhengen er signifikant, også når det vert kontrollert for dei andre variablane. Dei som meiner at det er viktig at ein blir

behandla likt, og at det er viktig med likheit i moglegheiter, har høgare tillit enn dei som ikkje synes det er viktig. Dei fleste respondentane (88 prosent) meinte at likheit er viktig. Samanhengen er likevel ikkje så sterk. Dette kan skuldast at variabelen måler haldningar hos respondentane på individnivå, men fortel ikkje noko om strukturelle eller politiske samanhengar.

Rothstein og Uslaner (2006) har samanlikna haldningar til likheit i europeiske land. Dei operasjonaliserte omgrepet likheit i dei to dimensjonane økonomisk likheit og likheit i moglegheiter. Variabelen som undersøker likheit i denne oppgåva er delvis operasjonalisert på same måte som hjå Rothstein og Uslaner (2006), når det gjelder spørsmålet om likheit i moglegheiter. Variabelen som ligg til grunn i denne oppgåva, må seiast å ha ein vidare definisjon av likheit, og kanskje også noko lågare presisjonsnivå, samanlikna med Rothstein og Uslaner (2006). Ein kan likevel sjå for seg at når ein spør om det er viktig at folk blir behandla likt, så innbefattar dette spørsmålet til ei viss grad også spørsmålet om økonomisk likheit, eller for seie det litt annleis; folk sine haldningar til fråvær av økonomisk ulikheit. Rothstein og Uslaner (2006) fann at haldningar til likheit hadde mykje å seie for tillitsnivået i befolkninga på eit nasjonal plan. Er årsaka til det høge tillitsnivået i Norge at vi stort sett har like moglegheiter og blir behandla likt? Dersom ein samanliknar land i høve til kvarandre, slik Rothstein og Uslaner (2006) har gjort, ser det ut til å vera tilfellet. På individnivå er ikkje samanhengen like openberr, slik denne regresjonen viser.

Kumlin og Rothstein (2005) har undersøkt det som er blitt kalla «det skandinaviske paradokset», at skandinaviske land har både mykje sosial kapital og ein stor velferdsstat. Det har blitt hevda at dersom sosial kapital blir danna ved folk kjem saman og engasjerer seg i gjensidig frivillige initiativ, vil tilstadeværet av store velferdsstatlege program gjere slik gjensidig frivilligheit vanskelegare å skape. Staten overtar ansvaret for det som elles ville ha vore overlatt til den frivillige eller private sektoren. Likevel viser det seg at dei skandinaviske statane har høge nivå av sosial kapital langs dei ulike dimensjonane, både når det gjeld sosial tillit, sosiale nettverk og sivilt engasjement. Det er empirisk støtte for at velferdsstatens institusjonar kan både skape og bryte ned sosial kapital. Personlege møter og erfaringar med behovsprøving ser ut til å redusere sosial tillit, medan møter med universelle ordningar tyder på det motsatte. Når universelle ordningar blir erstatta med behovsprøvde ordningar, kan det derfor tyde på at den sosial kapitalen blir redusert (Kumlin og Rothstein 2005).

Det er usikkert kva som er årsaka til at dei som svarte at dei ikkje synes det var viktig at folk blir behandla likt og har like moglegheiter, svarte slik dei gjorde. Det kan ha samband med personlege erfaringar. Kumlin og Rothstein (2005) har vist at dei som blir utsatt for behovsprøving i velferdsstatens institusjonar, har oftare lavare sosial tillit enn andre. Dei som står utanfor arbeidslivet og som er henvist til velferdsstatens trygdeytningar, må som oftast gjennom ei form for behovsprøving og saksbehandling. I NAV er både arbeidsavklaringspengar, uføretrygd og sosialhjelp behovsprøvde ytelsar. Saksbehandlinga kan opplevast som audmjukande og invaderande, der inngåande og intime spørsmål om helse, økonomi og andre personlege aspekt blir gjennomgått. Dersom ein etter ein slik prosess får avslag på søknaden har ein få alternativ, og det vil kunne ha ein effekt på tillit til andre menneske.

For dei som blir satt på utsida av samfunnet gjennom ulike marginaliseringsprosessar, vil likebehandling og likheit i moglegheiter kanskje fortone seg som irrelevant. Bourdieu (1986) viser at reproduksjon av ulikheit ikkje berre gjelder økonomisk og kulturell kapital, men også sosial kapital - som i likheit med andre typar kapital kan bidra til å skape og opprettholde sosial ulikheit.

Respondentane sine haldningar til om det er viktig at folk blir behandla likt og har like moglegheiter, hadde dermed effekt på sosial tillit. Dei som meinte at det var viktig, hadde høgare sosial tillit enn dei som meinte at det ikkje var viktig.

5.1.4 Kan nettverksressursar forklare variasjon i sosial tillit?

Storleik og kvalitet på nettverket har også effekt på tillit. Dei som har stort nettverk, oppgjev at dei har høgare tillit enn dei som oppgjev at dei har lite nettverk. Samanhengen er signifikant, også når det vert kontrollert for dei andre variablane, men betaverdien viser at det heller ikkje her er særleg sterk samband. Regresjonskoeffisienten viser at det heller ikkje er særleg skilnad i tillit på dei med stort nettverk og lite nettverk.

Respondentane blir i spørjeundersøkinga spurt om kor mange dei kan drøfte personlege og intime saker med. I frekvensfordelinga ser vi at dei fleste respondentane (57,5 prosent) oppgjev å ha lite nettverk. Variabelen er omkoda slik at dei som oppgav at dei hadde tre eller færre i nettverket som dei kunne drøfte personlege og intime saker med fekk verdien 0, medan respondentane som oppgav at dei hadde fire eller fleire fekk verdien 1.

Storleik og kvalitet på nettverket er eit mål på sosial kapital som bånd, i den forstand at spørsmålet måler kor mange respondentane er fortrolige med, og måler grad av støtte og tilgang på relasjonelle ressursar i nettverket.

Spørsmålet fortel også noko om grad av samanbindande tillit, altså tillit mellom menneske som deler felles verdisyn, etnisitet, språk, religion eller ideologi (Wollebæk og Seggaard 2011). Ordlyden i spørsmålet viser at det er tale om partikulær samanbindande tillit, som viser at ein stoler på familie eller nære vener, men det kan også vere ein sjelesørgar som til dømes ein prest.

Er det slik at di svakare nettverk ein har, dess mindre tillit har ein? Det er ikkje nødvendigvis tilfelle. Ein kan sjå føre seg at en kan ha gode relasjonar til eit fåtal menneske og likevel ha mykje sosial tillit, men tilhøvet mellom tillit og kontakt med andre kan også vere gjensidig forsterkande. Låg tillit kan føre til at ein ikkje søker kontakt med andre i like stor grad. På den andre sida kan lite kontakt med andre føre til lågare tillit. Lin (2001) peiker på at sosial støtte og sosiale nettverk kan hjelpe individ og familiar til å klare seg i kvardagen, men på grunn av vanskelegheitene som oppstår ved å måtte dele ressursar, gjensidigheit og mangel på strukturell støtte, er bånd mellom individ og grupper med lav inntekt er ofte ikkje tilstrekkeleg til å bidra til å auke sosio-økonomisk status dersom ikkje det samstundes er sosial kapital tilgjengeleg i form av bruer og lenkjer. Likevel er ikkje sosial kapital i form av bruer og lenker tilstrekkelig for å betre tilhøva i lokalsamfunn med lave ressursar, utan strukturell støtte i form av til dømes tiltak mot fattigdom. Sosial kapital kan fort bli eit lettkjøpt verkemiddel for lokale og nasjonale myndigheiter ved å overlate problema til befolkninga og marknaden.

Larring og Stjernø (2010) viser at studier av sosial kapital bør skilje mellom ulike typar nettverk. Dette meiner dei i særleg grad gjeld for studier av marginaliserte menneske, fordi nettverka deira er komplekse. Sjølv om marginaliserte tilsynelatande kan besitte sosial kapital, i form av bekjentskaper som kan hjelpe dei ut på arbeidsmarknaden, viser Larring og Stjernø (2010) at sosiale kapital som lenker ikkje let seg konvertere til økonomisk kapital i form av arbeidsinntekt. Det er dermed usikkert om denne gruppa har «styrke i svake band».

Granovetter (1973) viste at eit stort nettverk i form av perifere bekjentskap kan hjelpe folk ut av vanskelege situasjonar, spesielt med å finne arbeid. Det kan vere større slitasje i nettverka deira som følgje av rusavhengigheit, nettverka kan vere «brukt opp» gjennom eit marginalisert tilvere over mange år, eller at nettverka deira utelukkande består av andre i den

same marginaliserte situasjonen og dermed ikkje representerer sosial kapital av brubyggande eller lenkande karakter.

Hyppigheit av sosial kontakt har samanheng med tillit. Variabelen som måler hyppigheit av sosial kontakt oppgåva undersøker kor ofte folk har kontakt med vener, slektningar eller kollegaer. Kontrollert for dei andre variablane, har hyppigheit av sosial kontakt ein eigen effekt. Dei som hadde regelmessig og ofte kontakt med vener, slektningar eller kollegaer hadde høgare tillit enn dei som hadde lite kontakt. Samanhengen er signifikant, også når det vert kontrollert for dei andre variablane, men heller ikkje her er det sterk samanheng mellom uavhengig og avhengig variabel. Det er heller ikkje stor skilnad i tillit på dei med mykje og lite sosial kontakt. Frekvensfordelinga viser at dei fleste i utvalet oppgjev å ha mykje sosial kontakt, 71 prosent, medan 29 prosent oppgjev å ha lite sosial kontakt.

Hyppigheit av sosial kontakt fortel ikkje i seg sjølv noko om kontakten er god eller dårleg, men eit mål på kor ofte ein har kontakt med vener, slektningar eller kollegaer kan gje ein indikasjon på grad av sosial integrasjon. Lite kontakt med andre kan tyde på einsemd og sosial isolasjon. Dersom dette pågår over tid, kan fråver av kontakt med andre menneske ofte vere assosiert med psykiske lidelsar som depresjon- og angstlidelsar.

Ordlyden i spørsmålet viser at det kan seie noko om sosial kapital som både bånd og bruer, sidan nettverket også innbefatter kollegaer. Å omgås sosialt med kollegaer kan innebære å trene på bedriftsidrettslag eller å ta ein øl etter jobben, men kan ikkje seiast å vere like sterke relasjonar som familie og vener. Eit nettverk som inkluderer eit arbeidsfellesskap vil kunne representere tilgang på ressursar ein elles ikkje ville hatt tilgang til, og som kan representere sosial kapital i form av bruer. Desse nettverka vil i følge Putnam (2000) i større grad vere prega av samhandling og utveksling av informasjon som medlemene i nettverket kan dra nytte av – enn det som er tilfelle for nettverk som er prega av «bonding». Dei som står utanfor arbeidslivet er utelukka frå denne kategorien. I denne oppgåva er det ikkje mogleg å differensiere kven av dei som oppgjev at dei har lite kontakt med andre, som også står utanfor arbeidslivet. Slagsvold og van der Wel (2006) fann imidlertid at blant langtidsmottakarar av sosialhjelp, ei gruppe der eitt av kjenneteikna er stor avstand til arbeidslivet, var fleirtalet av dei ikkje sosialt isolerte. Dei hadde god kontakt med slekt og vener, men noko mindre enn resten av befolkninga. Imidlertid skilte denne gruppa seg ut ved at ein betydelig større andel hadde lav sosial tillit.

Det var altså ein svak samanheng mellom sosial tillit, hyppigheit av sosial kontakt og storleik og kvalitet på nettverket. Dei som hadde mange dei kunne drøfte personlege og intime saker med, hadde større sosial tillit enn dei som hadde få i nettverket. Likeleis hadde dei som ofte traff familie, vener eller kollegaer i sosiale samanhengar, større sosial tillit enn dei som hadde sjeldan sosial kontakt. Samstundes kan det vere problematisk å bruke nettverk som forklaringsvariabel på tillit, fordi nettverk og tillit inngår i sosial kapital-omgrepet. Ein kan ikkje ha tillit utan nettverk eller nettverk utan tillit, og det kan vere teoretisk sett problematisk å skilje dei to omgrepa. Likevel er det interessant å undersøke samanhengen mellom omgrepa.

5.1.5 Kan deltaking i sosiale aktivitetar forklare variasjon i sosial tillit?

Deltaking i sosiale aktivitetar inngår gjerne som ein dimensjon ved sivil engasjement, ved sidan av å måle arbeid i frivillige organisasjonar og grad av kontakt med naboar. Putnam (2000) vektlegg sivil engasjement i danning av sosial kapital, og spesielt effekten som møter andlet-til-andlet har for å danne sosial kapital i form av tillit og nettverk. Vrålstad (2012) fann at dei som var meir aktive i organisasjonar og politisk verksemd hadde høgare tillit til andre.

Regresjonen viser at deltaking i sosiale aktivitetar hadde effekt på sosial tillit. Dei som svarer at dei deltar mykje i sosiale aktivitetar, har høgare tillit enn dei som oppgjev at dei deltar lite i sosiale aktivitetar. Samanhengen er signifikant, også når det vert kontrollert for dei andre variablane. Betaverdien viser at samanhengen er heller ikkje her særleg sterk. Det er heller ikkje stor skilnad i tillit på dei som deltar mykje i sosiale aktivitetar samanlikna med dei som deltar lite. Frekvensfordelinga viser at dei fleste oppgjev at dei deltar ofte i sosiale aktivitetar, med ein prosentandel på 71,7 prosent mot 28,3 prosent som oppgjev at dei deltar lite i sosiale aktivitetar.

Spørsmålet i undersøkinga kan imidlertid forståast på ulike måtar. Slik ordlyden i spørsmålet er stilt, er det uklart om det dreier seg om *aktiv* deltaking eller *kor ofte* ein deltar. Dette er blitt undersøkt av Wollebæk og Selle (2002). Dei meiner at Putnam (2000) overdriv den effekten som deltaking i frivillige samanhengar har på danninga av sosial kapital. Mange sosiale aktivitetar foregår i regi av organisasjonar, idrettslag og foreiningar. Wollebæk og Selle (2002) fann at aktiv deltaking i frivillige samanhengar ikkje hadde større effekt i danning av sosial kapital enn passiv deltaking. Samstundes fann dei at det å delta i *fleire* samanhengar bidrog meir til danning av sosial kapital enn det å berre delta i *ein* samanheng. I studia til

Wollebæk og Selle (2002) var sivil deltaking imidlertid operasjonalisert langs tre aksar; som tillit, som deltaking i sosiale nettverk og som stemmegjeving i stortingsval, om ein las nyheiter daglig og politisk interesse.

Kva betyr deltaking i sosiale aktivitetar? Deltaking i sosiale aktivitetar vil kunne representere sosial kapital som både bånd, bruer og lenker. Sosiale aktivitetar betyr ofte eksponering for nye menneske og nye situasjonar, og dei nye relasjonane kan representere ressursar som ein ikkje hadde tilgang på i utgangspunktet. Det er imidlertid også eit spørsmål om kva type relasjonar, og med kven? Sosiale aktivitetar kan vere så mangt, alt frå bingo til idrettsaktivitetar til medlemskap i ein motorsykelklubb. Ulike folk vil gje ulike svar. Ikkje all sosial kapital er av det gode; Portes (1998) viser at *negativ* sosial kapital innebære negative konsekvensar av det å inngå i relasjonar og nettverk. Det er imidlertid ikkje råd å lesa ein slik samanheng ut frå denne oppgåva, men det er ein samanheng mellom lav deltaking i sosiale aktivitetar og lav sosial tillit. Dei som deltar ofte eller mykje i sosiale aktivitetar har høgare sosial tillit enn dei som deltar sjeldan eller lite i sosiale samanhengar – alt etter korleis ein skal tolke spørsmålet.

5.2 Metodologisk drøfting

5.2.1 Reliabilitet og validitet

I kvantitative undersøkingar dreier validitet seg om ein måler det som ein har til hensikt å måle. Ein skiljer gjerne mellom indre og ytre validitet (Ringdal 2013).

Indre validitet dreier seg om i kva grad data representerer fenomenet som ein vil seie noko om. Måler ein det som ein ynskjer å måle, og er det samanheng mellom den teoretiske definisjonen og variabelen? Intervjua i ESS si spørjeundersøking er utført andlet til andlet i heimen til respondentane. Det er ulike måtar å utføre spørjeundersøkingar på, og i tillegg til andlet til andlet kan dei også vere i form av sjølvadministrerande spørjeskjema (papir eller elektronisk) eller som telefonintervju. I intervjusituasjonen tek ein gjerne for gitt at respondentane svarer rasjonelt og velfundert. Samstundes veit vi at måten data vert samla inn på har påverknad på korleis folk svarar. Fleire studier har vist at det er skilnader i svartendensar når ein samanliknar ulike innsamlingsmetodar (Wiseman 1972, Tourangeau &

Smith 1996). Wiseman (1972) peiker på at ved spørsmål som blir oppfatta som personlege, vil det vere ein tendens til at svarmønsteret blir meir sosialt akseptabelt i andlet-til-andletintervju.

Spørsmålet i den avhengige variabelen om tillit til andre vart først brukt i amerikanske spørjeundersøkingar på 50-talet. Det har også blitt brukt i World Values Survey, Eurobarometer-undersøkingane og European Values Survey, og må seiast å vere eit veletablert mål på tillit i befolkninga. Ikkje desto mindre har spørsmålet om generalisert tillit blitt kritisert. Reliabilitet og intern validitet kan vere svekka fordi spørsmålet dreier seg om «dei fleste menneske» og er difor ikkje presist nok sidan det blir overlatt til respondenten å avgjere kva spørsmålet dreier seg om, og det er vanskeleg å vite kva som vert målt (Hardin 2006, i Wollebæk 2011). Andre har også hevda at dei to svaralternativa ikkje er gjensidig utelukkande, men måler to ulike dimensjonar, nemleg tillit og forsiktighet (Miller og Mitamura 2003; Wuthnow 2002, i Wollebæk 2011). Wollebæk (2011) minner om at trass i desse målebegrensningane er spørsmålet den beste tilgjengelege kjelda for å måle tillit, men at det er berre den generaliserte tillita som blir målt i dette spørsmålet. Spørsmålet kan ikkje gje svar på i kor stor grad respondentane stoler på folk dei kjenner, altså spørsmålet om partikularisert tillit.

I denne oppgåva vert det testa ei hypotese om at grad av tillit delvis forklart med nettverksressursar. Det kan vere problematisk å sjå på samanhengen mellom tillit og nettverk når dei fleste teoretikarane innan sosial kapital gjev uttrykk for at tillit og nettverk er to sider av same sak, nemleg sosial kapital. Sjølv om tillit inngår i sosial kapital, er det likevel interessant å sjå på nettverksressursane sin effekt på tillit.

Verdiorientering er i denne oppgåva operasjonalisert som haldningar til likheit, om ein synes det er viktig at folk blir behandla likt og har like moglegheiter, og er eit utsnitt av eit større verdisett. ESS-undersøkinga innheld totalt 21 spørsmål som kartlegger respondentane sine verdiar. Ein person sitt verdisyn er sjølv sagt langt meir differensiert enn kva dette eine spørsmålet fangar opp. Likevel kan det seiast at spørsmålet seier noko om ein person si verdiorientering i høve til eitt av dei grunnleggande demokratiske prinsippa som ein moderne, liberal rettsstat bygger på – at folk er like mykje verd. Empiriske studier viser at det er samheng mellom å bli utsatt for behovsprøving i velferdstenestene og å ha lav sosial tillit (Rothstein og Stolle 2003, Kumlin og Rothstein 2005, Rothstein og Uslaner 2006). Regresjonen i del 4.2 viste at dei som meinte at det ikkje var viktig at folk blir behandla likt

og har like moglegheiter, hadde lavare tillit enn dei som meinte at det var riktig. Dette vil bli drøfta nærare i del 5.3.

5.2.2 Generaliserbarheit

I kvalitative studier er ofte overførbarheit nytta som eit uttrykk for ekstern validitet. Når ein nyttar kvalitative metodar handlar ekstern validitet meir om overføring av kunnskap enn om generalisering, og ein nyttar difor uttrykket overførbarheit i stedet for generaliserbarheit.

I kvantitative studier vert generalisering eller generaliserbarheit brukt som eit uttrykk for ekstern validitet. Ein nyttar dette omgrepet i kvantitative metodar fordi ein kan generalisere funn frå eit utval til ein populasjon.

Generaliserbarheita av funna i denne oppgåva er i beste fall usikre. Tillitsnivået i Norge er høgt. For å få spesifikk kunnskap om årsaker til lav tillit, måtte ein ha designa studia annleis ved å trekke ut respondentane som oppga lavt tillitsnivå. Utvalet ville i så fall blitt så lite at det neppe hadde vore representativt. Det er difor usikkert om funna i denne oppgåva er generaliserbare.

5.2.3 Tverrsnittstudie

Forskningsdesignet i denne oppgåva er lagt opp som ei tverrsnittstudie. Det er dermed ikkje høve til å trekkje konklusjonar når det gjeld kausalitet. Dersom ein skulle påvist kausale samanhengar, kunne ein ha lagt opp til eit longitudinelt design der ein samanlikna data frå ulike tidspunkt med einannan. Det var ikkje eit mål i seg sjølv å påvise kausalitet i denne oppgåva, formålet var heller av ein meir undersøkende eller eksplorativ natur. På bakgrunn av at dette er ei tverrsnittstudie kan ein likevel ikkje utelukke at samanhengane går den andre vegen.

5.2.4 Residualar

Residualane er den variasjonen i den avhengige variabelen som ikkje blir fanga opp av regresjonsmodellen. Residualane skal vere normalfordelte (Eikemo og Clausen 2007).

Størrelsen på utvalet vil samstundes vere av betydning. Utvalgsfordelinga av b-koeffisientane vil likevel bli normale ved kjent gjennomsnitt og varians, og brot på føresetnaden om normalfordelte residualar ha liten innverknad på tolking av resultatata i store utval. I denne oppgåva er utvalet 1435. Figur 3 viser residualfordeling av regresjon frå tabell 10. Residualane er noko skeivfordelte, noko som tyder på at ein eller fleire forklaringsvariablar som kunne ha betra modellen substansielt er utelatt (Eikemo og Clausen 2007).

Modellane som målte effektar på tillit til andre forklarte mellom 0,5 prosent og 7,1 prosent av variasjonen. Modellane har med andre ord lav forklaringskraft, og tyder på at dei ikkje er gode nok til å predikere kva for variablar som har innverknad på sosial tillit. Samstundes er signifikansen til dei fleste uavhengige variablane innanfor signifikansmål på .05 og .01, som viser at det er tydeleg samanheng mellom dei uavhengige og den avhengige variabelen. Det er likevel openbart at modellane manglar forklaringsvariablar som kan forklare kva som verkar inn på tillit på ein fullgod måte.

Også på bakgrunn av den lave forklarte variansen er det grunn til å tru at det er andre variablar som kunne ha forklart variasjonen i sosial tillit. Kva variablar kunne ha blitt inkludert i regresjonsmodellane som kunne ha forklart tillit betre?


Ulike studier bruker ulike mål på sosial kapital, noko som kan medføre problemer knytta til validitet og reliabilitet når ein skal samanlikne ulike studier. Det kan difor vere hensiktsmessig å bruke liknande mål på sosial kapital. Organisasjonen for økonomisk samarbeid og utvikling (OECD) har vurdert ulike måtar å måle sosial kapital på, og har kome fram til fire måleparameter (Scrivens og Smith 2013). Det er personlege forhold, sosial nettverksstøtte, sivilt engasjement samt tillit og normer for samarbeid. Sosial nettverksstøtte skil seg frå personlege forhold ved at sosial nettverksstøtte dreier seg om dei ressursane som ein kan dra veksle på frå sine sosiale kontaktar. Som tidlegare nemnt er tillit den avhengige variabelen i oppgåva. Eg har inkludert deltaking i sosiale aktivitetar som uavhengig variabel, og som kan seiast å vere eit mål på sivilt engasjement. Sivilt engasjement er imidlertid også eit mykje brukt mål på til dømes deltaking i frivillige samanhengar som organisasjonsliv, religiøs aktivitet og liknande. Eg har også inkludert variablar som måler sosial nettverksstøtte, ved å bruke storleik og kvalitet på nettverk og hyppighet av sosial kontakt.

Holmberg og Rothstein (2017) fann samanheng mellom arbeidstilhørighet, subjektiv helse og sosial tillit. Dei som rapporterte om dårlig helse og dei som var arbeidsledige hadde lavare

sosial tillit enn gjennomsnittet. Ein variabel som målte eigenrapportert helse kunne ha vore interessant å inkludert i regresjonen, for å teste samanhengen mellom helse og sosial tillit.

Det kunne også ha vore interessant å bruke variablar som skilte mellom inntektskjelde på ein betre måte. Spesielt hadde det vore interessant å sett på sosialhjelpsmottak. Slike variablar var ikkje tilgjengelig i datamaterialet. Eg kunne imidlertid ha unngått å reskalere variabelen, for å få meir detaljert informasjon om samanhengen mellom trygdemottak, sosialhjelpsmottak og tillit. Dette er ein svakheit ved oppgåva. Imidlertid viste variabelen på inntektskjelde seg å vere ikkje signifikant ($p=.062$).

Figur 3. Histogram over residualfordeling av regresjonen



5.2.5 Multikollinearitet


Ideelt sett bør dei uavhengige variablane vere korrelert med den avhengige variabelen, men ikkje med kvarandre. Multikollinearitet betyr korrelasjon mellom dei uavhengige variablane (Eikemo og Clausen 2007). Er årsaka til at inntektskjelde-variabelen ikkje er signifikant at det føreligg multikollinearitet, altså at inntektskjelde samvarierer med kjensle av tilstrekkelig inntekt? Dette vart testa med ein toleransetest i SPSS. Dersom det er perfekt multikollinearitet, vil toleranseverdiane for variabelen vere 0. Testen viste at ingen av variablane hadde verdiar under ,790, som var verdien for inntektskjelde. Verdien for kjensle av tilstrekkelig inntekt var ,898. Ein kan derfor konkludere med fråvær av multikollinearitet i regresjonen.

5.2.6 Innflytelsesrike einingar – ”uteliggjarar”

Uteliggjarar eller innflytelsesrike einingar er observasjonar som kan endre regresjonsresultata på ein substansiell måte, ved at dei kan påverke utrekning av parametera, standardfeil, R^2 og testobservatorane. Ved å bruke ein leverage-test i SPSS, kan ein finne mål på potensial for innflytelse ved å identifisere uvanlege kombinasjonar av verdiane på dei uavhengige variablane i modellen (Eikemo og Clausen 2007). Leverage-verdiar over 0,5 bør unngåast, verdiar mellom 0,5 og 0,2 kan vere problematiske medan verdiar under 0,2 er ønskelige (Huber 1981, i Eikemo og Clausen 2007). Leverage-verdiane i regresjonen i denne oppgåva går frå ,002 til ,024, og vart difor vurdert til å vere uproblematisk.

Det vart også foretatt ein Cook's D-test for å få rede på om uteliggjarar kunne ha innflytelse på modellen som heilheit. Spesielt innflytelsesrike einingar vil ha ein Cook's D-verdi større enn $4/n$ (Hamilton 1992, i Eikemo og Clausen 2007). Kritisk verdi i denne modellen blir difor $4/1435=0,0027$. Ved å sjå på boksplottet i figur 4, ser ein at det er spesielt to einingar som skiljer seg ut ved å ha Cook's D-verdi på over 0,015. Maksimumsverdien er på 0,023, og gjennomsnittet er 0,001. Det kan ikkje utelukkast at dette kan ha påverka resultata i regresjonsmodellen. Ei mogleg løysing på dette problemet kunne ha vore å køyrt ein testregresjon utan dei problematiske einingane og deretter samanlikna resultata med den opprinnelege modellen. Dette vert tilrådd av Eikemo og Clausen (2007).

Figur 4. BoksploTT av Cooks D-test av regresjonsmodellen.



5.3 Implikasjonar for sosialt arbeid

I regresjonen fann eg at det var samanheng mellom sosioøkonomiske skilnader, i form av utdanningsnivå og kjensle av tilstrekkeleg inntekt, og sosial tillit. Det var også samanheng mellom verdiorientering i form av haldningar til likheit og sosial tillit. Nokre studier viser at behovsprøving i velferdstenestene fører til lavare sosial tillit hjå brukarane (Rothstein og Stolle 2003, Kumlin og Rothstein 2005, Rothstein og Uslaner 2006). I datamaterialet som ligg til grunn for denne oppgåva er det ikkje mogleg å seie om dei som føler at dei har utilstrekkelig inntekt og dei med lav utdanning har vore gjennom ein saksbehandlingsprosess med behovsprøving. Det er heller ikkje mogleg å seie noko om dei som svarer at dei ikkje synes det er viktig at folk blir behandla likt og har like moglegheiter kan ha vore gjennom ein slik prosess, fått avslag og at dette har hatt innverknad på seinare verdiorientering. Kva for

implikasjonar har dette i så fall for sosialt arbeid? Bør saksbehandlinga i velferdstenestene i større grad utførast i tråd med grunnleggjande kunnskap og ferdigheiter i sosialt arbeid? Kan trygdesystemet innrettast meir universalistisk?

I dag ser det ut til å vere liten politisk vilje til å innføre fleire universelle trygdeordningar, kanskje med unntak av partiprogrammet til Miljøpartiet De Grønne, som ynskjer å utrede ordningar med borgarløn (2017, 53). Det er imidlertid tvilsamt at eit slikt forslag vil få fleirtal i Stortinget. Eit utval som vart satt ned av barne- og likestillingsminister Solveig Horne i 2015, har foreslått også å behovsprøve barnetrygda (NOU 2017:6, 251). Ved å innrette barnetrygda slik at det kun er lavinntektsfamiliar som kan få denne ytelsen, samstundes som alle born over eitt år får tilbod om gratis barnehage, er intensjonen at desse tiltaka skal redusere barnefattigdomen i Norge.

Det er grunn til å tru at det universelle prinsippet som låg til grunn for utforminga av velferdsstaten ikkje lengre er gjeldande. Dagens velferdsstat vart utforma i etterkrigsåra, då det vart ført ein ekspansiv arbeids- og velferdspolitik. Økonomisk vekst har vore ein føresetnad for forbetringar i helse- og sosialpolitikken, og dagens trygdesystem er utforma med bakgrunn i dette (Halvorsen 2005). I dag er situasjonen annleis, og i framtida kan trygde- og velferdsordningane kome til å bli meir differensierte. Det vil neppe vere politisk vilje hjå dei store partia i Norge til å gå i retning av meir universelle trygdeordningar. I åra som kjem kan velferdsstaten sine ordningar kome til å måtte tilpassast ei veksande befolkning med fleire eldre og færre manuelle jobbar, samstundes som ein globalisert økonomi gjer det vanskelegare å føre ein rettferdig skattepolitikk. Dette biletet vert etter mi meining forsterka av at multinasjonale selskap er ein stadig aukande maktfaktor i økonomien, som kan velje å plassere omsetjinga si i skatteparadis i stadenfor å underlegge seg skattereglane i dei respektive landa dei opererer i.

I Norge fungerer folketrygda som ei sosial forsikringsordning, der rettighetene til tenester og ytingar vert opptent gjennom arbeid og skatteyting. Folketrygdlova³ regulerer i stor grad rettighetene til tenester og ytingar. Dersom ein ikkje har rettigheter etter Folketrygdlova og ikkje kan syte for sitt eige livsopphold, er ein henvist til sosialhjelp. Sosialhjelp er ei behovsprøvd ordning. Ansvar for sosialhjelp ligg hjå kommunane, og er regulert gjennom Sosialtjenestelova (2009). Det formelle ansvaret for økonomisk sosialhjelp ligg hjå

³ Lov om Folketrygd, 1997

kommunane, men vert iverksett av dei lokale NAV-kontora. Økonomisk sosialhjelp er meint å vere eit siste sikkerheitsnett som skal fange opp dei individa som fell utanfor andre velferdsordningar. Det er knytta usikkerhet til ein livssituasjon der ein er avhengig av sosialhjelp. Ulik praksis blant dei lokale NAV kontora kan vere ei utfordring, med ulike tolkingar av lovverk og rundskriv. Stortinget har i rundskriv vedtatt statlige normer for sosialhjelp som kommunane brukar ved utmåling. Desse normene er imidlertid veiledande, men ikkje forpliktande for kommunane. Det skal gjerast individuelle vurderingar i kvar enkelt sak som er knytta til behovsprøving og utmåling av sosialhjelp. Retningslinjene gjev ikkje søkaren rett til eit stønadsnivå som tilsvare den veiledande satsen, men er overlatt skjønsmessige vurderingar ved dei enkelte NAV-kontora. Det kan difor argumenterast for at rettsikkerheita til dei som er avhengige av sosialhjelp er svakare enn den ville ha vore dersom satsane for sosialhjelpa hadde vore rettighetsfesta gjennom lovverket.

Spørsmålet om overføring av ansvaret for sosialhjelpa frå kommunane til staten, er imidlertid ein debatt som har versert lenge. Eit motargument er at det vil gje kommunane mindre handlingsrom. Det vil medføre færre moglegheiter til å kunne tilpasse hjelpa til lokale tilhøve, og det vil kunne bli sett på som eit inngrep i lokalt sjølvstyre. Nagell og Holm (2001) peiker på to grunnar til dette. For det første varierer behovet for stønadsnivå med den enkeltes sin livssituasjon, og det bør vere mogleg å fange opp slike variasjonar. I tillegg er det slik at sosialhjelp tradisjonelt har vore sett i samanheng med underliggande sosiale problem. Dersom sosialhjelpa vert underlagt lovfesta statlege normer for utmåling, kan dette medføre at enkelte ikkje får dekkja sine behov, medan andre vert overkompenserte.

Terum (2003) har argumentert for at sosialhjelpssatsane bør fastsetjast av staten, og at sosialhjelp bør bli ein statlig ytelse. Bakgrunnen for dette standpunktet er at blant anna at sosialarbeidarane sitt skjønn er ikkje tilstrekkelig for å kunne vurdere nivået på levestandard for dei som søker om sosialhjelp. Ved å fastsetje statlege satsar for sosialhjelp, vil ein kunne ivareta offentlighetsdimensjonen i tildeling av stønader, ved at folkevalte representantar i Stortinget avgjer dette spørsmålet i lovarbeidet.

5.3.1 Eit døme frå eigen praksis

I perioden 2010-2016 jobba eg som veileder i NAV. Opplevinga mi frå jobbkvardagen var at beslutningsmyndigheita vart flytta oppover i systemet, og førstelinja har mindre innflytelse på

utfallet av saksbehandlninga enn før NAV-reformen. Det er lokalkontora i NAV som skal følgje opp brukarane og som svarer brukarane på spørsmål dei har kring søknadsprosessen. I saker som handlar om ytelsane uføretrygd og arbeidsavklaringspengar, vert saksbehandlninga foretatt av NAV Forvaltning. Forvaltningseiningane i NAV ligg ofte i eit anna fylke enn der brukarane befinner seg, og brukarane får aldri satt eit ansikt på saksbehandlaren sin. I tillegg har fylkeskontora i NAV oppretta egne beslutterstillingar som skal godkjenne arbeidsevnevurderingar og vedtak. Den ansatte ved lokalkontoret som skal drive oppfølging, har derfor liten innflytelse på saksbehandlninga. I tillegg er det ofte lite eller ingen dialog mellom dei ulike einingane, slik at den NAV-ansatte som driv oppfølginga ved lokalkontora vert instruert i å formidle beslutningar som kan gå på tvers av dei sosialfaglige vurderingane til dei som arbeider tettast på brukarane. Dette gjeld til ei viss grad også når det gjeld saksbehandling av sosialhjelp, då også enkelte lokalkontor i NAV har oppretta egne beslutterstillingar for å godkjenne sosialhjelpsvedtak.

Dette kan skape unødvendig belastning hos den som søker ein ytelse. Slik Solheim (2009) har vist, handlar relasjonsbygging til personar i hjelpeapparatet om å skape det Esser (2008) kallar relasjonell kapital. Gjennom å utvikle posisjonell kapital og tillitskapital, kan brukarane få tilgang til systemkapital. Desse omgrepa kan setjast i samband med har samanheng med dei ulike formene for sosial kapital, bånd, bruer og lenker, slik det har blitt formulert av Putnam (2000) og Woolcock (2001), og tilgang til systemkapital kan seiast å vere assosiert med sosial kapital som lenker. Ein samanliknar her sosial stratifisering med ein stige som ein kan klatre oppover, og relasjonane til andre utanfor det næraste nettverket er det som hjelper ein oppover den sosiale stigen. Samstundes er også omgrepa som er utvikla av Esser (2008) og som Solheim (2009) benytter i si analyse, vil også ha fellestrekk med partikulær tillit, altså tillit til konkrete enkeltpersonar som ein kjenner. Partikulær tillit er den tillita som også ligg til grunn for sosial kapital som bånd, som ein finn i dei nære relasjonane som vener og familie, og som bidrar til å skape ei kjensle av samhold og felles identitet.

Luhmanns (1988) distinksjon mellom tillit og tiltru er også interessant når ein ser på situasjonen for brukarar av velferdstenestene. NAV-reforma har ført til meir målstyring og har blitt kalla eit ektefødt barn av New Public Management (Dyhr-Nielsen 2007). Smith (2001) peiker på at myndigheitene investerer meir i tiltru til systemet gjennom formaliserte prosedyrar som lover, reglar, juss og ekspertkunnskap, enn at utøvinga av sosialt arbeid skal vere basert på tillit. Dersom ein går gjennom ein prosess med saksbehandling og behovsprøving i NAV og får avslag, er det nærliggande å tru at tiltrua til systemet kan speile

seg att i brukarane sine haldningar. Men går det ut over tillita? Tiltrua til systemet kan vel svekkast utan at tilliten til medmenneska blir mindre av den grunn? Eller er samanhengen mellom desse så nært knytta opp mot kvarandre at dei blir gjensidig forsterkande? Det er vel nettopp dette som kjem fram i studiene som viser at behovsprøving at i velferdstenestene fører til lavare sosial tillit hjå brukarane (Rothstein og Stolle 2003, Kumlin og Rothstein 2005, Rothstein og Uslaner 2006).

Kunnskap og ferdigheiter om sosialt arbeid handlar blant anna om brukarmedverknad, ressursorientering og ei empowermenttilnærming til problema som vert presentert. Sosionomen skal kartlegge, vurdere og iverksetje tiltak for å fasilitere endringsprosessar saman med klienten. Samstundes som ein utøver faglig skjønn, skal ein også reflektere kritisk over det arbeidet ein utøver⁴. Dette krever mykje av sosialarbeidaren. Smith (2001) argumenterer for at tillit, som ei form for moralsk engasjement, er naudsynt i sosialt arbeid. I dette legg ho at praksis i sosialt arbeid må vere basert på at ein skal gjere noko moralsk godt. Dette er noko anna enn det å arbeide etter etiske retningslinjer, som i seg sjølv er vel og bra, men ein moralsk god og tillitsskapande praksis kan potensielt sett redusere sårbarhet, skuffelse og skade som kan oppstå i møtet me regelverk og system. Når ein brukar bestemmer seg for å stole på sosialarbeidaren, tar ho ein risiko. Dermed transcenderer ho tiltrua til systemet, og danner grunnlag for ein relasjon som har eit større potensiale for endring i seg.

⁴ Programplan for bachelorstudiet i sosialt arbeid, HiOA

6. KONKLUSJON

Denne oppgåva har undersøkt samanhengar mellom sosial tillit og sosioøkonomisk status, verdiorientering og nettverksressursar. Hovudfunna er at det er svak samanheng mellom tillit og dei uavhengige variablane kjønn, alder, utdanningsnivå, inntektskjelde, kjensle av tilstrekkeleg inntekt, haldningar til likheit, storleik og kvalitet på nettverk, hyppigheit av sosial kontakt og deltaking i sosiale aktivitetar. Det er alder og utdanningsnivå som har sterkast samanheng med sosial tillit. Det kunne ikkje påvisast samanheng mellom kjønn og inntektskjelde og sosial tillit. Dei øvrige variablane var signifikante, men samanhengen var relativt svak. Regresjonsmodellane forklarte mellom 0,5 og 7,1 prosent av variasjonen i tillit, og forklaringskrafta i dei uavhengige variablane viste seg dermed å vere nokså lav. Det verkar rimeleg å seie at det må vere andre tilhøve eller variablar som har sterkare effekt på sosial tillit enn dei som det er gjort reie for i denne oppgåva.

Samstundes som det er svak samanheng mellom tillit og dei uavhengige variablane i denne oppgåva, er det slik at teoriane om tillit og sosial kapital gjerne forklarar sosial tillit med dei same variablane som er blitt brukt i denne oppgåva. Utdanning, arbeidstilhørighet og alder er ofte brukte indikatorar for sosial tillit, og det er inga umiddelbar forklaring på kvifor denne effekten uteblir i analysene i denne oppgåva. Dette er eit interessant funn i seg sjølv. Nettverksvariablane som er blitt testa i denne oppgåva var signifikante, men viste berre ein svak samanheng med tillit.

Metoden som er blitt benytta i denne oppgåva fangar ikkje opp alle aspekt ved fenomenet sosial tillit, og kvalitativ metode kunne i så måte ha bidratt til ei breiare forståing av fenomenet. Det ville ha vore særskilt interessant å studere årsakene til at nokon rapporterer at dei har lav tillit til andre ved å bruke kvalitativ metode, som til dømes intervju. Kanskje ville ein kombinasjon av kvantitativ og kvalitativ metode ha vore den beste tilnærminga til ei meir djuptloddande analyse av sosial tillit. Ytterligare bidrag til forskinga om tillit er naudsynt for å etablere ei betre forståing av fenomenet.

LITTERATUR

- Barstad, Anders og Lene Sandvik. (2015). "Deltaking, støtte, tillit og tilhørighet. En analyse av ulikhet i sosiale relasjoner med utgangspunkt i levekårsundersøkelsene". Statistisk Sentralbyrå. 01.02.17. https://www.ssb.no/sosiale-forhold-og-kriminalitet/artikler-og-publikasjoner/_attachment/248399?_ts=15166c21c40.
- Bourdieu, Pierre. (1986). The forms of capital. I *The handbook of theory and research for the sociology of education*, red. J.G. Richardson. New York: Greenwood Press.
- Bø, Inge og Per M. Schiefloe. (2007). *Sosiale landskap og sosial kapital. Innføring i nettverkstenkning*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Coleman, James. (1990). *Foundations of Social Theory*, Cambridge M.A., Harvard University Press
- De nasjonale forskningsetiske komitéene. (2017). «Forskningsetiske retningslinjer for samfunnsvitenskap, humaniora, jus og teologi». Lest 8. mai 2017. <https://www.etikkom.no/forskningsetiske-retningslinjer/Samfunnsvitenskap-jus-og-humaniora/>
- Dyhr-Nielsen, Reidun. (2007). NAV-reformen – et ektefødt barn av NPM eller en helt ny forvaltningsstrategi? Paper, Universitetet i Agder. http://spa.gu.se/digitalAssets/986/986886_Paper_Dahl-Nielsen_-_grupp_5.pdf
- Eikemo, Terje Andreas og Tommy Høyvarde Clausen. (2007). *Kvantitativ analyse med SPSS. En praktisk innføring i kvantitative analyseteknikker*. Trondheim: Tapir
- European Social Survey. (2016a). ESS7 – 2014 Documentation report. The ESS data archive. http://www.europeansocialsurvey.org/docs/round7/survey/ESS7_data_documentation_report_e03_0.pdf
- European Social Survey. (2016b). European Social Surveys website. <http://www.europeansocialsurvey.org/>

- Esping-Andersen, Gøsta. (1990). *The three worlds of welfare capitalism*. Princeton: Princeton University Press
- Esser, Hartmut. (2008). The two meanings of social capital. I : Dario Castiglione, Jan W. Van Deth og Wolleb Guglielmo (red.). *The Handbook of Social Capital*. Oxford: Oxford University Press. Sitert i Liv Johanne Solheim (2009). Marginalitet og sosial kapital. I *Sosial kapital i et velferdsperspektiv*, red. Rolf Rønning og Bengt Starrin. Oslo: Gyldendal
- Fauske, Halvor. (2009). Kan barnevernet bygge sosial kapital? I *Sosial kapital i et velferdsperspektiv*, red. Rolf Rønning og Bengt Starrin. Oslo: Gyldendal
- Fellesorganisasjonen: "Yrkesetisk grunnlagsdokument for barnevernspedagoger, sosionomer, vernepleiere og velferdsvitere" 30.3.17. https://www.fo.no/getfile.php/1320310/01%20Om%20FO/Hefter%20og%20publikasjoner/Yrkesetisk%20grunnlagsdokument_2015.pdf
- Folketrygdlova. *Lov om folketrygd av 28. februar 1997 nr. 19*.
<https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1997-02-28-19>
- Giddens, Anthony. (2000). *The third way and its critics*. Cambridge: Polity Press
- Granovetter, Mark (1973). The strength of weak ties. *The American Journal of Sociology*, 78(6), 360-380.
- Grimen, Harald (2009). *Hva er tillit*. Oslo: Universitetsforlaget
- Halvorsen, Knut. (2005). *Grunnbok i helse- og sosialpolitikk*. Oslo: Universitetsforlaget
- Halvorsen, Knut. (2007). Legitimacy of welfare states in transitions from homogeneity to multiculturalism: A matter of trust. I: Steffen Mau og Benjamin Veghte (red.): *Social justice, legitimacy and the welfare state*. Aldershot: Ashgate
- Halvorsen, Knut. (2016). Economic, financial and political crisis and well-being in the PIGS-countries. *Sage Open*. October-December. DOI: 10.1177/2158244016675198
- Hamilton, Lawrence C. (1992). *Regression with graphics*. Belmont: Duxbury. Sitert i: Terje Andreas Eikemo og Tommy Høyvarde Clausen. (2007). *Kvantitativ analyse med SPSS. En praktisk innføring i kvantitative analyseteknikker*. Trondheim: Tapir

- Hardin, Russell. (2006). *Trust*. Cambridge, UK: Polity Press. Sitert i: Dag Wollebæk (2011). Norges sosiale kapital i nordisk og europeisk kontekst. I *Sosial kapital i Norge*, red. Dag Wollebæk og Signe Bock Seggaard. Oslo: Cappelen Damm
- Hawkins, Robert L. og Katherine Maurer (2012). Unravelling social capital: Disentangling a concept for social work. *British Journal of Social Work*, 42(2), 353-370.
- Healy, Karen og Anne Hampshire (2002). Social capital: a useful concept for social work? *Australian social work*, 55(3), 227-238.
- Hellevik, Ottar (1997): *Forskningsmetode i sosiologi og statsvitenskap*. Oslo: Universitetsforlaget
- Helliwell, John og Robert D. Putnam. (1999). *Education and social capital* (Working paper 7121). Cambridge M.A.: National Bureau of Economic Research. Sitert i: Wollebæk, Dag. (2011). Norges sosiale kapital i nordisk og europeisk kontekst. I *Sosial kapital i Norge*, red. Dag Wollebæk og Signe Bock Seggaard. Oslo: Cappelen Damm
- Helliwell, John, Richard Layard og Jeffrey Sachs (2017). "World Happiness Report". <http://worldhappiness.report>. Lest 20. april 2017. <http://worldhappiness.report/wp-content/uploads/sites/2/2017/03/HR17.pdf>
- Holmberg, Sören og Bo Rothstein. (2017). Trusting other people. *Journal of public affairs*, 17 (2). DOI 10.1002/pa.1645
- Huber, Peter J. (1981). *Robust statistics*. New York: John Wiley and Sons. Sitert i: Terje Andreas Eikemo og Tommy Høyvarde Clausen. (2007). *Kvantitativ analyse med SPSS. En praktisk innføring i kvantitative analyseteknikker*. Trondheim: Tapir
- Høgskolen i Oslo og Akershus: Programplan for bachelorstudium i sosialt arbeid. 09.05.17. <http://www.hioa.no/Studier-og-kurs/SAM/Bachelor/Sosialt-arbeid/Programplan-for-Bachelorstudium-i-sosialt-arbeid-2017>
- Kumlin, Staffan og Bo Rothstein (2005). Making and breaking social capital. The Impact of Welfare-State Institutions. *Comparative political studies*, 38(4). 339-365.
- Larring, Kari Bakke og Steinar Stjernø. (2010). Sosial kapital blant marginaliserte. *Fontene forskning*, 3(1) 53-66.

- Levin, Irene (2004). *Hva er sosialt arbeid*. Oslo: Universitetsforlaget
- Lin, Nan. (1999). Building a Network Theory of Social Capital. *Connections*, 22(1), 28-51.
- Lin, Nan. (2001). *Social Capital: A Theory of Social Structure and Action*, Cambridge, Cambridge University Press
- Lindgren, Lena. (2017). "Skjerpings – norsk tillit er under press". *Morgenbladet*, 31.3-6.4.17. Lest 1.april 2017. <https://morgenbladet.no/aktuelt/2017/03/lena-lindgren-norsk-tillit-under-press>
- Luhmann, Niklas. 1988. Familiarity, confidence, trust: problems and perspectives. I: Diego Gambetta (red.): *Trust. Making and breaking cooperative relations*. London: Blackwell.
- Miljøpartiet De Grønne. 2017. *Grønne muligheter. Arbeidsprogram 2017-2021*. https://www.mdg.no/content/uploads/2017/01/ArbeidsprogramV2_2017-2021.pdf
- Miller, Alan S. og Tomoko Mitamura. (2003). Are surveys on trust trustworthy? *Social Psychology Quarterly*, 66 (March), 62-70. Sitert i: Dag Wollebæk (2011). Norges sosiale kapital i nordisk og europeisk kontekst. I *Sosial kapital i Norge*, red. Dag Wollebæk og Signe Bock Seggaard. Oslo: Cappelen Damm
- Muntaner, Charles. (2004). Commentary: Social capital, social class, and the slow progress of psychosocial epidemiology. *International Journal of Epidemiology Community Health*, 33: 674-680. Sitert i: Bengt Starrin (2009). Sosial kapital og helse. I *Sosial kapital i et velferdsperspektiv*, red. Rolf Rønning og Bengt Starrin. Oslo: Gyldendal Akademisk
- Nagell, Hilde W. og Kristin Holm (2001). "Den vanskelige sosialstønaden". *Dagbladet*, 05.09.2001. Lest 26.februar 2017. <http://www.dagbladet.no/kultur/2001/09/05/279407.html>
- NOU 2017: 6. *Offentlig støtte til barnefamiliene*. Oslo: Barne- og likestillingsdepartementet. <https://www.regjeringen.no/contentassets/6ee74831e812490dad20852b7306dc11/nou/pdfs/nou201720170006000dddpdfs.pdf>
- Nysæther, Lars. A. (2004). Kan begrepet sosial kapital anvendes i sosialt arbeid? *Nordisk sosialt arbeid*, 24(1), 63-76.

- Portes, Alejandro. (1998). Social Capital: Its Origins and Applications in Modern Sociology. *Annual Review of Sociology*, 24, 1-24.
- Putnam, Robert D. (1993). *Making Democracy Work: Civic traditions in modern Italy*. Princeton, N.J.: Princeton University Press.
- Putnam, Robert D. (1995a). Bowling Alone: America's declining social capital. *Journal of Democracy*, 1, 65-78.
- Putnam, Robert D. (1995b). Tuning in, tuning out: The strange disappearance of social capital in America. *Political science and politics*, 28, 664-683.
- Putnam, Robert D. (2000). *Bowling Alone: The Collapse and Revival of American Community*. New York: Simon and Schuster
- Ringdal, Kristen. (2013). *Enhet og mangfold. Samfunnsvitenskapelig forskning og kvantitativ metode*. 3. utgåva. Bergen: Fagbokforlaget
- Rothstein, Bo. og Dietlind Stolle. (2003). "Social capital, impartiality and the welfare state: an institutional approach". I: Mark Hooghe og Dietlind Stolle (red.): *Generating social capital: The role of voluntary associations, institutions and government policy*. New York: Palgrave/McMillan
- Rothstein, Bo og Eric M. Uslaner. (2006). *All for all: Equality and Social Trust*. Center for European Studies, Working Paper Series nr. 117. 21.01.17. Henta frå [https://www.russellsage.org/sites/all/files/u4/Rothstein & Uslaner.doc](https://www.russellsage.org/sites/all/files/u4/Rothstein%20&%20Uslaner.doc)
- Rønning, Rolf. (2009). Systematisk bruk av sosial kapital i velferdstjenestene. I *Sosial kapital i et velferdsperspektiv*, red. Rolf Rønning og Bengt Starrin. Oslo: Gyldendal Akademisk
- Scrivens, Katherine og Conal Smith (2013), "Four Interpretations of Social Capital: An Agenda for Measurement", *OECD Statistics Working Papers*, 2013/06, OECD Publishing, Paris. <http://dx.doi.org/10.1787/5jzbcx010wmt-en>
- Skog, Ole Jørgen (2004). *Å forklare sosiale fenomener. En regresjonsbasert tilnærming*. Oslo: Gyldendal

- Slagsvold, Marit. og Kjetil Van der Wel (2006). Sosial kapital. I: Kjetil Van der Wel (red): *Funksjonsevne blant langtidsmottakere av sosialhjelp*. Oslo: Høgskolen i Oslo
- Smith, Carole. (2001). Trust and confidence: Possibilities for social work in 'High modernity'. *British journal of social work*, 31(2), 287-305.
- Solheim, Liv Johanne (2009). Marginalitet og sosial kapital. I *Sosial kapital i et velferdsperspektiv*, red. Rolf Rønning og Bengt Starrin. Oslo: Gyldendal
- Sosialtjenestelova. *Lov om sosiale tjenester i arbeids- og velferdsforvaltningen av 18. desember 2009 nr. 131*. <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2009-12-18-131>
- Starrin, Bengt. (2009). Sosial kapital og helse. I *Sosial kapital i et velferdsperspektiv*, red. Rolf Rønning og Bengt Starrin. Oslo: Gyldendal Akademisk
- Stolle, Dietlind og Marc Hooghe (2004). The roots of social capital : Attitudinal and network mechanisms in the relation between youth and adult indicators of social capital. *Acta Politica*, 39(4), 422-441. Sitert i Dag Wollebæk (2011). Norges sosiale kapital i nordisk og europeisk kontekst. I *Sosial kapital i Norge*, red. Dag Wollebæk og Signe Bock Seggaard. Oslo: Cappelen Damm
- Sund, Erik R. (2010). Sosial kapital – teorier og perspektiver. Oslo: Helsedirektoratet
- Szreter, Simon og Michael Woolcock (2004). "Health by association?" Social capital, social theory, and the political economy of public health. *International Journal of Epidemiology*, 33(4), 650-667.
- Sztompka, Piotr. (1999) *Trust. A sociological theory*. Cambridge: Cambridge University Press
- Sætran, Frode og Thomas Olsen. (2017). Norge er kåret til verdens lykkeligste land. *Aftenposten*, 20.3.17. (Lest 1.april 2017). <http://www.aftenposten.no/verden/Norge-er-karet-til-verdens-lykkeligste-land-617465b.html>
- Terum, Lars Inge. 2003. Portvakt i velferdsstaten: om skjønn og beslutninger i sosialt arbeid. Oslo: Kommuneforlaget.

- Tourangeau, Roger og Tom W. Smith. (1996). Asking sensitive questions – the impact of data collection mode, question format and question context. *Public Opinion Quarterly*, 60(2), 275-304. DOI: 10.1086/297751
- Uslaner, Eric M. (2003). “Trust, democracy and governance: Can government policies influence generalized trust?”. I: Marc Hooghe og Dietlind Stolle (red.): *Generating social capital: The role of voluntary associations, institutions and government policy*. New York: Palgrave/McMillan
- Vrålstad, Signe (2012). Deltagelse i organisasjoner og politisk virksomhet. Mer aktive med tillit til andre. *Samfunnsspeilet*, 26 (2), 14-21.
- Wiseman, Frederick (1972). Methodological Bias in Public Opinions Surveys. *The Public Opinion Quarterly*, 36(1), 105-108.
- Wuthnow, Robert. (2002). United States: Bridging the privileged and the marginalized. I Robert D. Putnam (red.), *Democracies in Flux: The evolution of social capital in contemporary society*. New York: Oxford University Press. Sitert i: Dag Wollebæk (2011). Norges sosiale kapital i nordisk og europeisk kontekst. I *Sosial kapital i Norge*, red. Dag Wollebæk og Signe Bock Seggaard. Oslo: Cappelen Damm
- Woolcock, Michael (2001). The place of social capital in understanding social and economic outcomes. *Canadian Journal of Policy Research (ISUMA)*, 2(1), 11-17.
- Wollebæk, Dag og Per Selle. (2002). Does participation in voluntary associations contribute to social capital? The impact of intensity, scope and type. *Nonprofit and voluntary sector quarterly*, 31(1), 32-61.
- Wollebæk, Dag og Signe Bock Seggaard. (2011a). Sosial kapital i Norge: Oljen i maskineriet? I *Sosial kapital i Norge*, red. Dag Wollebæk og Signe Bock Seggaard. Oslo: Cappelen Damm
- Wollebæk, Dag og Signe Bock Seggaard. (2011b). Sosial kapital – hva er det og hvor kommer det fra? I *Sosial kapital i Norge*, red. Dag Wollebæk og Signe Bock Seggaard. Oslo: Cappelen Damm
- Wollebæk, Dag. (2011). Norges sosiale kapital i nordisk og europeisk kontekst. I *Sosial kapital i Norge*, red. Dag Wollebæk og Signe Bock Seggaard. Oslo: Cappelen Damm

Alle kjelder som er brukt i denne oppgåva er oppgitt.